

# Årsmelding og rekneskap 2013

**coop**  
Vest SA

Største  
handels-  
verksemda  
i regionen



**Norges største Extra er  
Coop Vest sin Coop Extra  
daglegvarer i Førde**

# Oversikt over butikkar i Coop Vest SA



Florø	57 74 86 20
Førde	48 01 95 25
Hareid	97 99 12 50
Sogndal	97 99 14 60
Volda	97 99 47 80
Ørsta	97 99 12 20
Øvre Årdal	57 64 88 59



Askvoll	97 99 14 50
Balestrand	57 69 12 06
Barstadvik	70 06 00 64
Brekke	57 78 54 07
Fiskå	97 99 14 90
Florø	57 74 14 88
Folkestad	70 07 30 32
Fortun	57 68 61 28
Fresvik	57 69 74 00
Gjerdsvika	70 02 75 03
Hornindal	57 87 84 10
Kvamsøy	70 02 95 03
Larsnes	97 99 12 60
Lauvstad	70 05 50 03
Leikong	70 08 30 32
Moltu	70 08 50 16
Naustdal	57 81 93 72
Olden	57 87 34 70
Raudeberg	57 85 25 70
Reed	97 99 12 80
Rovde	70 02 26 12
Sandsøy	70 02 90 80
Skjolden	97 99 12 75
Svelgen	57 79 60 60
Syvde	97 99 12 55
Tjørnvåg	97 99 14 85
Vadheim	57 71 48 01
Vassenden	97 99 14 20
Åheim	70 02 09 10



Byrkjelo	97 99 14 55
Gaupne	97 99 15 20
Hermansverk	57 65 31 21
Kaupanger	97 99 12 70
Lærdal	99 97 14 30
Sandane	57 86 53 55
Selje	57 85 92 70
Ørsta	70 06 69 13
Årdalstangen	97 99 12 30



Byrkjelo	97 99 14 55
Gaupne	97 99 15 20
Hermansverk	57 65 36 90
Volda - butikk	70 07 49 40
Volda - trelast	70 07 49 49
Åheim	70 02 09 20



Førde	48 01 95 40
Ulsteinvik	97 99 14 00



Eid	57 86 07 33
Fosnavåg	97 99 12 40
Førde	97 99 13 70
Høyanger	57 71 46 60
Sandane	57 86 70 20
Ulstein	97 99 12 90
Volda	97 99 14 40

## ANDRE:

### GULLSMED

Førde	48 01 95 75
-------	-------------

### KAFEAR/KIOSK/BAKERI

Bakar Jon	57 86 79 90
Extra Førde	48 01 95 22
Extra Volda	97 99 47 86
Mega Sandane	57 86 70 19


### MANUFAKTUR

Førde	97 99 13 76
Høyanger	57 71 46 60
Freequent Sogndal	97 99 14 80
Freequent Øvre Årdal	57 64 88 61

### SPORT

Høyanger	57 71 46 60
----------	-------------





# Kjære eigarar og tilsette i Coop Vest SA

Coop Vest SA er på veg til å nå snart 50 000 medlemmer og eigarar. Laget har også i 2013 hatt stort fokus på sine strategiske mål som framleis står fast:

*Coop Vest SA skal vere den føretrekte staden å handle daglegvarer og andre produkt/tenester kjeda tilbyr i sitt handelsområde.*

Aukande medlemsmasse og fleire nye butikkar på dei større stadane i Coop Vest sine marknadsområder i Sogn og Fjordane og søre delen av Møre og Romsdal er viktig for Coop Vest si utvikling. Sjølv om folketalsutvikling i vårt område i beste fall er marginalt positiv, greier Coop Vest å halde ein stabil, høg marknadsdel. Rundt dei store byane som Oslo, Bergen og Trondheim er tilflytting og auka folketal særst positiv. Likevel taper Coop marknadsdelar nasjonalt. Trass dette synest eg det er utruleg flott at Coop Vest sin Extra butikk på Brulandsvellingene også i 2013 greier å bli nr 1, med størst omsetning av alle omlag 100 Coop Extra-butikkar som er etablert så langt nasjonalt.

I 2013 har Coop Vest vidareført satsinga på etablering av nye butikkar. Sist ute er Årdal med ny Coop Extra. Mange prosjekt får si utforming gjennom nettopp samarbeidet som Coop Vest Eigedom har med Coop Eigedom sentralt. Suksessfaktoren er å nytte god, lokal kompetanse for å legge til rette for å etablere endå meir aktivitet i Coop Vest sine salsområde. I 2013 har Coop Vest Eigedom gjennom Citus AS hatt stort fokus på å legge til rette for ein større handelspark på Brulandsvellingene. Engasjementet skaper både glede og optimisme, men også kritiske kommentarar frå ein del.

VEIKART avløyste i 2013 *prosjekt LØNNSEMD*. Styret i Coop Norge SA har erkjent at Coop i Norge ikkje nådde sine felles mål om nasjonal marknadsdel på 26% og betra inn-tening med 2%. Også i 2013 taper Coop i Norge marknadsdelar som ein har gjort dei siste åra. Coop Vest jobbar aktivt med *LØNNSEMD*-prosjektet i eige lag, og har også forsterka det som ein del av å nå målet for eiga resultatskaping. Coop nasjonalt går mot lågpris i butikkane, og

endring av kjede- og formatstrategi, noko som set fokus på effektiv og god butikkdrift. Coop Vest er bevisst på dette og set fokus både lokalt og sentralt på at dette blir ei krevjande reise, så vel for eige lag som nasjonalt. Prosjekt *VEIKART* har også fokus på S-lagsstruktur og større og meir robust regionlag som ein måte å nå Coop sine målsetningar. Sjølv om Coop i Norge ikkje nådde sine mål i 2013, var det ved nyttår 1 390 430 eigarar som fekk 692 millionar i kjøpeutbytte.

Om kooperasjonen satsar på nye prosjekt, blir det aller viktigaste å vere best på å drive butikk. Det kan høyrest enkelt ut, men å gjere det er noko heilt anna og utfordrande. Det er krevjande å ha rett kompetanse hos tilsette, vere best mogleg på rutinar, god vareflyt, ha eit minimum av svinn og ha finaste og beste butikken. Terping av best praksis, klar for kunde og mykje, mykje meir. Keisamt kanskje, men dette er det viktigaste. Greier Coop å møte kunden og eigaren på ein positiv måte, der alle desse momenta er på plass, er det eit sterkt og godt utgangspunkt for å

lukkast. Det er i butikken slaget om kundane står. Om vi i Coop Vest ikkje er best på dette, vil vi og våre butikkar bli valt vekk.

Coop Vest SA har omlag 900 tilsette, mange tillitsvalde og eigarar og rundt 70 butikkar i eit stort geografisk område. Det handlar mykje om *INFORMASJON* og *KOMMUNIKASJON* for å gjere oss alle endå betre.

Gratulerer og takk til Dykk alle for den flotte innsatsen i året som har gått.

Eg er overtydd om at i 2014 kjem Coop Vest SA sine butikkar til å bli utvikla til å bli endå fleire handlande sitt førsteval.

Førde, 25. februar 2014.



Wilhelm Gjertsen  
styreleiar Coop Vest SA



# Årsmelding og rekneskap for Coop Vest SA

**Coop Vest SA er eigd av nærare 49 000 medlemmer/ eigarar, og består av tildelagare innfusjonerte lag frå Sogn og Fjordane og Sunnmøre. Coop Vest SA driv i dag 70 butikkar i 28 kommunar i Sogn og Fjordane og Sunnmøre. Hovudtyngda av verksemda er sal av handelsvarer til medlemmer og kundar. Coop Vest SA sel mest daglegvarer, byggevarer, klede, sko og varer til landbruket. Hovudkontoret ligg i Førde.**

## **Utvikling i detaljhandelen – og samyrkelaga**

Konsumprisindeksen 2013 (Kjelde SSB, 10.1.2014)

Konsumprisindeksen steig med 2,1 prosent frå 2012 til 2013, mot 0,8 prosent året før. Elektrisitet inkludert nettleige steig med 16,1 prosent i 2013, og var hovudgrunnen til den kraftige auken i KPI. Elektrisitetsprisane var låge i 2012, då fyltingsgraden i vassmagasina store deler av året låg over gjennomsnittsnivået.

Dei siste åra har matvareprisane vist mindre stigning enn den gjennomsnittlege prisveksten. Trenden er den same i 2013. Prisane på matvarer auka samla med 1,1 prosent frå 2012 til 2013. Faktorar som medverka til auken var:

- Høgare prisar på frukt og grønnsaker. Desse matvaregruppene har mange importvarer. Det kan tyde på at auken i den importvekta kronekursen har ført til auka prisar for dei to nemnde matvaregruppene.
- Prisane på egg fall for første gong på elleve år, ein prisnedgangen på 0,9%. Sjølv om det frå 1. januar 2013 blei innført høgare tollsatsar for ein del osteprodukt, auka osteprisane med berre 1,0 prosent, som er blant dei lågaste årsvekstane dei siste ti åra.
- Smørprisane auka med 17,3 prosent.
- Prisane på alkoholfrie drikkevarer auka med 1,0 prosent, den lågaste årsveksten på elleve år.
- Hovudårsaka til at prisveksten samla sett vart låg er prisutviklinga på kaffi: Detaljprisen fall med 7,0 prosent i 2013.

## **Omsetnad og marknadsdel**

Samyrkelaga ser ut til å få ein samla omsetnad i 2013 på om lag 39 milliardar kroner. Dette tilsvarar ein auke på 1,8 prosent frå 2012. I tillegg kjem omsetnaden frå Smart Club AS. I løpet av 2013 har

Smart Club-butikkane på Alnabru og Slependen blitt omprofilert, og fem butikkar er overført til samyrkelaga. Frå 1.1.2014 skjer all detaljhandelsomsetnad i Coop i samyrkelaga.

Den samla omsetnaden til Coop i 2013 blir på ca. 39,9 milliardar kroner, ein vekst på 0,9 prosent frå 2012.

Innan daglegvarer hadde Coop ein vekst på 0,9 prosent i 2013, medan marknadsveksten var på 3,0 prosent. Coop sin marknadsdel har gått ned med 0,5 prosentpoeng til 22,8 prosent.

Til samanlikning har Coop Vest SA ein marknadsdel på 30,55 prosent.

Pr. 1.1.2014 var 109 samvirkelag medlemmer av Coop Norge. Ein nedgang i 2013 på fire og skuldast tre fusjonar og ei avvikling.

Ved utgangen av 2013 var det 1 390 430 medlemmer i norske samyrkelag tilknytt Coop Norge.

Tilsvarande tal for føregående år var 1 354 625.

## **Økonomi**

Coop Vest SA har også i 2013 fornya butikkane. Dette gjer vi for å ruste oss for framtida. Styret ser det som særskilt viktig å fornye butikkmassen i regionsentera. Denne satsinga er kostnadskrevjande og påverkar årsresultatet, men er viktig for å auke framtidige marknadsdelar. Omsetninga i Coop Vest SA auka frå kr 1.592 mill. i 2012 til kr 1.596 mill. i 2013. Dette er ein auke på kr 4,3 mill. eller 0,3%. Bruttofortenesta auka frå 20,19% i 2012 til 20,26% i 2013, (begge tal har teke omsyn til kjøpeutbytte til medlemene). Netto positiv kontantstraum frå dei operasjonelle aktivitetane til selskapet var på kr 49 mill. i 2013 mot kr 25 mill. i 2012. Netto negativ kontantstraum frå investeringsaktivitetar var kr 23 mill., mot kr 20 mill. i 2012. Netto positiv kontantstraum frå finansieringsaktivitetane er kr 23 mill. mot negativt kr 10 mill. i 2012. Nettobehaldning av kontantar er kr 135 mill. i 2013 mot kr 87 mill. i 2012. Dette syner at ein byrjar å få betalt for dei høge investeringsnivået ein har hatt dei siste åra knytt til oppgradering av butikk-



Foto: Roy Sunde



## I Coop Vest SA er kvinne delen stor. I 2013 er 70,5 % av alle tilsette kvinner. I leiande stillingar er samansetninga 47 kvinner og 36 menn.

nettet, samstundes som våre medlemmer finn våre rentevilkår på innskot konkur-sedyktige samanlikna med andre.

Personalkostnaden har gått noko opp i høve til 2012 – 13,45% av omsetnaden i 2013 mot 13,23% i 2012. Det vert arbeidd hardt i butikkane for å bli meir effektiv og arbeide rettare. På same tid har varehandelen dei siste åra vore gjennom tøffe lønnsoppgjer, noko som gjer det vanskeleg å unngå at personalkostnaden aukar. Årsresultatet etter skatt er kr 5,1 mill. mot 7,3 mill. i 2012, ein reduksjon på kr 2,2 mill. Hovudårsaka til nedgangen er at ein i 2013 har betydelege auke i avskrivningar (5 MNOK). Vi ser at den innsatsen som er lagt ned gjennom arbeid i butikk byrjar å gje resultat. Dette gjenspeglar seg i at til tross for eit svakare årsresultat totalt sett, er den generelle butikkdrifta meir lønsam i 2013.

Totalkapitalen for Coop Vest SA var ved utgangen av 2013 kr 682 mill. samanlikna med kr 638 mill. i 2012. Eigenkapitalen i 2013 er på kr 238 mill. (34,93%) mot kr 233 mill. (36,49%) i 2012. I ein situasjon med stor investeringsaktivitet er styret nøgd med at ein greier å styrke ein alle-reie god eigenkapital. Verdijustert eigenkapital er på nærare 50%, noko som gjev selskapet vesentleg handlefridom dei komande åra.

### Disponering av årsresultatet

Styret vil foreslå at

årsresultatet vert nytta slik:

Til rente på ansvarsinnskot	kr 71 858
Til anna eigenkapital	kr 5 067 891
Sum	kr 5 139 748

### Forhold etter rekneskapsårets slutt

Det er ikkje skjedd noko etter rekneskapsårets slutt som er viktig for det framlagde årsrekneskapet.

### Medlemsutvikling

Som ein medlemseigd organisasjon har Coop ein god plass i varehandelen. Kjøpeutbytte og medlemsrabattar blir utbetalt til medlemene; som alle har eigarandelar.

Ved utgangen av 2013 var det 48 877 medlemmer i Coop Vest SA.

Coop Vest SA sitt medlemskort vert brukt på omlag 73% av all omsetnad i våre butikkar. Kjøpebonus, rabatt frå samarbeidspartnarane og renter på medlemskontoen blir utbetalt med til saman kr 26 802 000.

### Spareordning

Stadig fleire brukar spareordninga i samvirkelaga. Totalt har medlemene kr 309 273 206 i Coop Vest SA. Rentene er konkurransedyktige, og innskota er garantert av samvirkelaget sitt Garantifond A/L. Medlemene kan sjekke saldoen på eiga medlemsside på coop.no.

### COOP EXTRA

Tal butikkar: 7

Omsetnad: kr 424 980 000.

«Meir enn 5 500 varer til ekstra låge prisar kvar dag.»



Kjeden enda i 2013 ut med ein vekst på heile 44,81 prosent. Ei medverkande årsak til den høge veksten er omprofilering av Prix Hareid og Mega Øvre Årdal til Extra.

Coop Extra Sogndal er den butikken som har hatt størst vekst i 2013 med 33%.

Coop Extra Førde er framleis Norges største Extra, sjølv etter etablering av 70 nye Coop Extra-butikkar i 2013.

### COOP MARKED

Tal butikkar: 9

Omsetnad: kr 221 723 000.

«Lave prisar. ALLTID»



Kjeden enda i 2013 ut med ein vekst i omsetnaden på 1,7% på samanliknbare butikkar.

I juli omprofilerte vi Marked Byrkjelo til Prix Byrkjelo. Butikken har etter omprofileringa i 2013 hatt ein god vekst i omsetnaden, og er den av Prix-butikkane som har størst omsetningsauke.

### COOP MEGA

Tal butikkar: 7

Omsetnad: kr 380 972 000.

«Eit hav av fristelsar»



Coop Mega-butikkane har hatt same omsetning i 2013 som i 2012 i høve til samanliknbare butikkar.

Coop Mega Eid er den av Mega-butikkane som har størst vekst, med 4 %. Sjølv om konkurransen frå lågprisbutikkar stadig blir sterkare har Mega-butikkane hatt omsetningsauke i siste halvdel av 2013.

### COOP MARKED

Tal butikkar: 26

Omsetnad: kr 316 470 000.

«Godt vi har kvarandre»



Coop Marked enda i 2013 med ein nedgang i omsetnaden på 2,83% som skuldast nedlegging og omprofilering. Fleire av Coop Marked butikane har hatt sterk vekst i omsetnaden i 2013. Coop Marked Hornindal er den butikken blant Coop Marked som har hatt sterkast prosentvis vekst i 2013 med heile 17,6%. Vi har i løpet av 2013 oppgradert:

Coop Marked Vadheim.

Coop Marked Hornindal blei oppgradert i samband med omlegging av Byggmix Hornindal.

Coop Marked Florø fekk Post i Butikk i mai 2013, som gav auke i omsetnaden. Coop Marked Førde vart nedlagt 30. september 2013.

### COOP NÆRKJØP

Tal butikkar: 3

Omsetnad: kr 15 241 000.

Coop Nærkjøp enda i 2013 med ein vekst i omsetnaden på 2 %. Veksten til Nærkjøp viser at det blir arbeidd godt ute i butikkane, og at dei blir sett pris på av kundane.





Foto: Roy Sundt

### **COOP BYGGMIX**

**Tal butikkar: 5**

Omsetnad: kr 68 204 000.



Kjeden enda i 2013 ut med ein nedgang i omsetnaden på 15,92%. Byggevaremarknaden hadde i 2013 ein omsetnadsnedgang, som også påverka vår omsetnad. Dette i tillegg til omlegging av Byggmix Hornindal.

### **COOP EXTRA BYGG**

**Tal butikkar: 2**

Omsetnad: kr 96 098 851.



Coop Extra Bygg enda i 2013 med ein vekst i omsetnaden på 7,11%. Coop Extra bygg i Ulsteinvik har etter etableringa i 2012 teke posisjon som det leiande byggevarehuset i regionen, som medførte ein fin omsetnadsvekst også i 2013.

### **Diverse butikkar:**

**Tal butikkar: 11**

Omsetnad: kr 58 498 000.

Grappa består av kafear i Extra Førde / Sandane / Volda, Domus Klede i Førde / Høyanger, Freequent, kle i Sogndal og Øvre Årdal, Sporten Høyanger, Gull og Sølv i Førde og driftsmiddel på Byrkjelo.

Sommaren 2013 kjøpte vi bakeri og kafeteria av Åse og Jon Myklebust, og butikken fekk namnet Bakar Jon.

Esso Byrkjelo med verkstad blei selt sommaren 2013.

PIB Øvre Årdal blei innlemma som post i butikk i samband med opninga av Extra Øvre Årdal.

### **Coop Vest Eigedom AS**

Coop Vest SA har store verdjar i eigedomar. Desse eigedomane er delvis eigd av samyrkelaget og delvis gjennom eigedomsselskapet Coop Vest Eigedom AS. Aksjane i dette eigedomsselskapet er likt fordelt mellom Coop Vest SA og Coop



## Coop Vest SA har ein marknadsdel i 2013 på 30,55 prosent på daglegvarer

Norge Eigedom AS. Coop Vest Eigedom AS skal utvikle eksisterande og nye eigedomar, samt ivareta Coop Vest SA sine interesser i utviklingsprosjekt.

Coop Vest Eigedom AS har avtale med Coop Eigedom Forvaltning AS om drift og forvaltning av selskapet. Ved årsskifte hadde selskapet 15 heil- og deleigde eigedomar i sin portefølje til ein bokført verdi på kr 232 989 294,-

Coop Vest Eigedom AS er medeigar i utviklingsprosjekt saman med Moengården Vest AS på Nordfjordeid, Setrevegen 2 AS i Stryn, Fjæra Eigedom AS i Naustdal og Citus AS i Førde.

### Årsmøtet

Årsmøtet er Coop Vest SA sitt øvste organ med 30 representantar. Av desse represententer 20 personar dei medlemsvalte, medan 10 er valt av dei tilsette. Ordførar er Harald Kvame og varaordførar er Kari Riise. Ordføraren vert kalla inn til alle styremøte med talerett, men ikkje stemmerett.

Årsmøtet har i 2013 hatt to møter og handsama 24 saker.

### Styret

Dagmar Nese, valt av dei tilsette blei ny styremedlem i 2013.

Styret har i 2013 hatt 8 styremøter og 77 saker vart behandla.

På kvart møte får styret rapportar som viser økonomisk utvikling i den einskilde butikk kvar månad og akkumulerte.

### Representasjon

Styreliear Wilhelm Gjertsen, nestleiar Trudi Vågene og adm.dir Geir Espe, er medlem av Årsmøte i Coop Norge SA. Wilhelm Gjertsen er også nestleiar i Coop Norge SA sitt styre.

### Våre tilsette

I 2013 har til saman 1611 personar hatt tilsetjingstilhøve i Coop Vest SA, og ved årets slutt var det registrert i alt 972 tilsette. Av desse var det 164 heiltidsstillingar og 808 deltidstillingar/ekstrahjelpar, totalt 452 årsverk.

Dette er ein reduksjon på 60 årsverk frå 2012.

I Coop Vest SA er kvinne delen stor. 70,5 % av alle tilsette er kvinner. I leiande stillingar er samansetninga 47 kvinner og 36 menn.

### Diskriminering

Diskrimineringslova sitt formål er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettigheter, samt å hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Coop Vest SA arbeider målretta for å fremje lova sine formål innanfor vår verksemd.

### Gullklokker

I 2013 vart det delt ut 9 gullklokker etter 25 års samanhengande tenestetid:

Solveig Brautaset, Coop Mega Volda  
Gerd Annbjørg Lid, Coop Mega Volda  
Hogne Olav Nedreliid, Coop Mega Volda  
Torill Dianne Nyborg, Marked Raudeberg  
Terje Slinde, Marked Balestrand  
Tone Marie Aas, Årdal Manufaktur  
Aud Anny Solheimsnes, Førde Manufaktur

I tillegg fikk Jorunn Seljelid og Annbjørg Solheim, begge Mega Sandane, gullklokka. Dei skulle eigentleg hatt si markering i 2012.

Gullklokkene vart delt ut i samband med dei regionale samlingane (Volda, Nordfjordeid, Sogndal og Førde) hausten 2013.

### Kompetanse

Coop Vest SA har i 2013 hatt fokus på kompetanse der leing har stått i sentrum. Butikksjefar har vore gjennom utviklingsprogrammet «Salsleing». Innhaldet i programmet tilsvarar bachelor-nivå og har bestått av i alt tre modular. Programmet blir følgt opp med jamleg trening for butikksjefane.

I tillegg er butikksjefsmøte blitt nytta som utviklingstiltak.

### Organisasjon

I 2013 er det er utarbeidd ny struktur for tilsette i Coop Vest SA. Grunnlaget for den nye strukturen har vore:

- Auka handlingskraft i organisasjonen
  - Kortare veg frå avgjerd til handling
  - Tydeleggjer ansvaret til butikksjef
- Utgangspunktet for alle tilsette uansett arbeidsoppgåver og ansvar er:

FORVENTING – AVVIK – KONSEKVENNS

Den nye strukturen i Coop Vest SA er vist på organisasjonskart side 51.

### Arbeidsmiljøet

Coop Vest SA er IA-bedrift, og laget har gjennom IA-systemet fokus på sjukefråværet. I 2013 var det totale sjukefråværet på 7,4% mot 6,7 i 2012. Av dette utgjorde kortidsfråværet i 2013 2,7 % mot 2,9 % i 2012.

Målsetjinga for HMS-arbeidet i Coop Vest SA er primært å førebygge ulykker og helseskadar, samt å skape trivsel for medarbeidarane. Gjennom eit godt arbeidsmiljø, gode rutinar og konkurransedyktig drift skal vi lage gode løysingar som kundane våre ynskjer å nytte.

Samarbeids- og miljøutvalet har følgjande samansetning:

Frå arbeidstakar: Jostein Heilevang, Bjørg Aase, Else Beate Barstad, May Iren Kleppe, Mildrid Myrvoll, Karoline K. Kjerpeseth, Arna Fjellkårstad,

Frå arbeidsgjevar: Wilhelm Gjertsen, Geir Espe, Remi Tystad, Øyvind Indrebø og Anne Grepstad

Arbeidet i Samarbeids- og miljøutvalet har vore utført i samsvar med retningslinjene. Laget har hatt 6 møter i 2013, og har mellom anna drøfta ombyggingssaker, opplæring, informasjonsrutinar, butikkstruktur og vernerundar.

### Regionale samlingar

Coop Vest SA gjennomførte hausten 4 regionale samlingar for tilsette og medlemstilltsvalde i laget. I tillegg til informasjon om drift og utvikling i Coop Vest SA,



Foto: Roy Sunde



## Coop Vest SA sin kontantstrøm i 2013 er positiv med 48 mill. kroner

vart det gjennomført eit «kick-off» med Rasmus Mo

### Miljø

Forureining av det ytre miljø som følgje av laget si verksemd er akseptabelt.

Kjerneverksemda til Coop Vest SA er kjøp og sal av varer. Verksemda påverkar miljøet direkte og indirekte gjennom transport, avfall, energiforbruk og miljømessige effektar varene kan medføre etter at den er selt til forbrukar.

Miljøaspekt har sterk forankring i Coop sitt verdigrunnlag. Ein av Coop sine kjerneverdier er «omtanke» – for menneske, dyr og miljø. Vi søkjer derfor å motverke miljømessige skadeverknader gjennom ein strategi som går på å vere i fremste rekke når det gjeld avfallhandtering, bruk av miljøvenlege kjølemedia, varmegjenvinning og energiøkonomisering generelt. Ved ombyggingar og ved planlegging av nye butikkar tek vi miljøomsyn. Coop satsar aktivt på å bygge ut daglegvaresortimentet med økologiske og miljøvennlige produkt. Med dette håpar vi å medverke til gode haldningar blant medarbeidarar og forbrukarar. Coop sine daglegvarekjeder er blant dei store norske kjedane som har størst sortiment av økologiske og miljøvennlige varer. Våre verdier skal prege det arbeidet vi gjer gjennom vegval, samarbeid internt og eksternt, kunderelasjonar og heile bedriftskulturen.

### Finansiell risiko og utsikter framover

Likviditeten i selskapet vert vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje bestemt å gjennomføre tiltak som endrar likviditetsrisikoen. Største likviditetsrisikoen relaterer seg til uttak av medlemsinnskot. For Coop Vest SA sin del meiner ein at gjennom eit konkurransedyktig rentenivå er denne risikoen avgrensa.

Årets resultat viser ein positiv trend på butikknivå. Fleire butikkar har i 2013 gode resultatforbetringar.

Det er framleis rom for betringar. Vi vil ha fokus på å redusere svinnet, auke effektiviteten, sikre godt arbeidsmiljø og arbeide med verktøyet «Klar for Kunde» også i 2014.

Våre oppgraderingsprosjekt i eksisterande butikkportefølje har gjeve omsetningsauke. Dei store investeringsprosjekta tyngjer avdelingsrekneskapa og totalrekneskapet. Men auka konkurransekraft vil trygge butikkane og gje framtidig god lønsemd. Nye oppgraderingsprosjekt står klare i 2014.

Nyetableringar vert vurdert fortløpande i høve til moglegheiter i marknaden, kalkulert inntening og risiko. Slik skal salsvekst og langsiktig lønsemd sikrast.

### Grunnlaget for vidare drift

Årsrekneskapa er gjort opp ut frå føresetnad om vidare drift.

Styret meiner at det er grunnlag for vidare drift.

Styret meiner at framlagd rekneskap gjev eit rett bilete av Coop Vest SA sine eige delar og gjeld, finansiell stilling og resultat.

### Kjøpeutbytte 2014

Det er førehandsgarantert 1% kjøpeutbytte for år 2014.

### Avslutning

I skrivande stund er vi allereie langt inne i eit nytt år med nye store oppgåver for Coop Vest SA. Året vert krevjande, med mange moglegheiter. I ei tid med store butikkomleggingar står arbeidsoppgåvene i kø. Saman skal vi gjere alt for at Coop Vest SA skal ha ein sterk marknadsposisjon og framstå med gode og tidsriktige butikkar.

Vi må fokusere på rasjonell, effektiv og konkurransedyktig drift. Butikkane i marknadsområdet vårt må tilpassast brukarane for å vinne konkurransen.

Styret vil til slutt takke alle som gjennom 2013 har bidrege til at vi fekk den positive utviklinga i Coop Vest SA. Takka går til alle tilsette for stor og god innsats og til tillitsvalde på alle plan. Ei særleg takk til våre medlemmer og kundar som støttar opp om laget.

Førde 25. februar 2014

**Wilhelm Gjertsen**  
styreleiar

**Hege Karete Hamre**  
styremedlem

**Jane Grete Stedje**  
styremedlem

**Else Beate Barstad**  
styremedlem valt av tilsette

**Trudi Vågane**  
nestleiar

**Geir Årvik**  
styremedlem

**Martin Hamre**  
styremedlem valt av tilsette

**Dagmar Nese**  
styremedlem valt av tilsette

**Geir Espe**  
adm. direktør

# Coop Vest SA

## Resultatrekneskap pr. 31.12.2013

	NOTE	2013		2012	
			%	i 1000 KR	%
SALSINNTEKT	3	1 595 853 370	100,00	1 591 633	100,00
KJØPEUTBYTTE TIL MEDLEMER	1	11 725 908		11 553	
<b>NETTO OMSETNING</b>		<b>1 584 127 462</b>		<b>1 580 080</b>	
VAREKOSTNAD		1 259 996 901	78,95	1 258 737	79,08
<b>BRUTTOFORTENESTE</b>		<b>324 130 561</b>	20,31	<b>321 343</b>	20,19
ANDRE NETTO DRIFTSINNTEKTER	2	48 232 346	3,02	43 324	2,72
<b>NETTO DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>372 362 906</b>	23,33	<b>364 667</b>	22,91
LØNNSKOSTNAD	5, 6	214 598 951	13,45	210 581	13,23
AVSKRIVING PÅ VARIGE DRIFTSMIDLAR	7	33 064 591	2,07	28 156	1,77
ANNA DRIFTSKOSTNAD	14	113 034 994	7,08	116 541	7,32
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>360 698 537</b>	22,60	<b>355 278</b>	22,32
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>11 664 370</b>	0,73	<b>9 388</b>	0,59
FINANSINNTEKTER	2	3 615 682	0,23	6 233	0,39
FINANSKOSTNADER	2	6 784 997	0,43	6 169	0,39
<b>NETTO FINANSIELLE POSTAR</b>		<b>-3 169 314</b>	-0,20	<b>64</b>	0,00
<b>ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNADER</b>		<b>8 495 055</b>	0,53	<b>9 453</b>	0,59
SKATTEKOSTNAD PÅ ORDINÆRT RESULTAT	10	3 355 307	0,21	2 192	0,14
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>5 139 748</b>	0,32	<b>7 261</b>	0,46
<b>OVERFØRINGAR</b>					
OVERFØRT TIL RENTER AV ANSVARSINNSKOT		71 858		68	
OVERFØRT TIL ANNA EIGENKAPITAL		5 067 891		7 193	
<b>Sum overføringer</b>		<b>5 139 748</b>		<b>7 261</b>	

# Coop Vest SA

## Balanse pr. 31.12.2013

	NOTE	2013		2012	
			%	i 1000 KR	%
<b>EIGEDLAR</b>					
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>					
<b>IMMATERIELLE EIGEDLAR</b>					
UTSATT SKATTEFORDEL	10	15 173 471		18 111	
GOODWILL	7	1 740 000		0	
<b>SUM IMMATERIELLE EIGEDLAR</b>		<b>16 913 471</b>	<b>2,48</b>	<b>18 111</b>	<b>2,84</b>
<b>VARIGE DRIFTSMIDLAR</b>					
AKTIVERTE KOSTN. LEIDE LOKALE	7	12 133 000		11 240	
TOMTER, BYGNINGAR	7,9	191 476 314		194 729	
MASKINER OG ANLEGG	7	29 408 510		31 889	
INVENTAR, KONTORMASKINER	7	43 237 658		42 514	
<b>SUM VARIGE DRIFTSMIDLAR</b>		<b>276 255 483</b>	<b>40,53</b>	<b>280 372</b>	<b>43,97</b>
<b>FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR</b>					
INVESTERING I TILKNYTTA SELSKAP	8	69 336 000		69 336	
ANDELSINNSKOT NKL		34 612 959		34 613	
INVESTERING I AKSJER OG ANDELER		635 667		636	
<b>SUM FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR</b>		<b>104 584 626</b>	<b>15,34</b>	<b>104 585</b>	<b>16,40</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR</b>		<b>397 753 579</b>		<b>403 067</b>	
<b>OMLØPSMIDLAR</b>					
VAREBEHALDNING	4,9	133 658 000		129 579	
DEBITORAR		11 901 422		15 054	
ANDRE FORDRINGER		3 215 225		3 084	
INNSKOT NKL		12 856 453		12 572	
BANKINNSKOT, KONTANTAR	13	122 306 797		74 318	
<b>SUM OMLØPSMIDLAR</b>		<b>283 937 897</b>	<b>41,65</b>	<b>234 607</b>	<b>36,79</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>681 691 476</b>	<b>100,00</b>	<b>637 674</b>	<b>100,00</b>

# Coop Vest SA

## Eigenkapital og gjeld pr. 31.12.2013

	NOTE	2013		2012	
			%	i 1000 KR	%
<b>EIGENKAPITAL</b>					
<b>INNSKOTEN EIGENKAPITAL</b>					
MEDLEMANE SITT ANSVARSINNSKOT	11, 12	14 660 086		14 336	
<b>SUM INNSKOTEN EIGENKAPITAL</b>		<b>14 660 086</b>	<b>2,15</b>	<b>14 336</b>	<b>2,25</b>
<b>OPPTENT EIGENKAPITAL</b>					
FELLESEIGD ANSVARSKAPITAL	11	39 338 956		39 339	
UTBYTTEFOND	11	28 163 832		28 164	
ANNA EIGENKAPITAL	11	155 946 193		150 878	
<b>SUM OPPTJENT EIGENKAPITAL</b>		<b>223 448 982</b>	<b>32,78</b>	<b>218 381</b>	<b>34,25</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	11	<b>238 109 068</b>	<b>34,93</b>	<b>232 717</b>	<b>36,49</b>
<b>GJELD</b>					
<b>AVSETNING FOR FORPLIKTINGAR</b>					
PENSJONSFORPLIKTELSE	6	941 074		1 204	
<b>SUM AVSETNING FOR FORPLIKTINGAR</b>		<b>941 074</b>	<b>0,14</b>	<b>1 204</b>	<b>0,19</b>
<b>ANNA LANGSIKTIG GJELD</b>					
MEDLEMSINNSKOT		295 859 945		257 386	
GJELD TIL KREDITTINSTITUSJONAR	9, 16	19 230 000		21 370	
ØVRIGE LANGSIKTIG GJELD		40 000		55	
<b>SUM ANNA LANGSIKTIG GJELD</b>		<b>315 129 945</b>	<b>46,23</b>	<b>278 811</b>	<b>43,72</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>					
LEVERANDØRGJELD		55 005 788		49 923	
BETALBAR SKATT	10	416 242		365	
SKULDIG OFFENTLEG AVGIFTER		30 088 701		27 609	
SKULDIG KJØPEUTBYTTE		13 897 649		13 711	
ANNA KORTSIKTIG GJELD	15	28 103 009		33 333	
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>127 511 389</b>	<b>18,71</b>	<b>124 942</b>	<b>19,59</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>681 691 476</b>	<b>100,00</b>	<b>637 674</b>	<b>100,00</b>

Førde, den 31. desember 2013 / 25. februar 2014

  
**Wilhelm Gjertsen**  
 styreleiar

  
**Hege Karete Hamre**  
 styremedlem


  
**Jane Grete Stedje**  
 styremedlem

  
**Else Beate Barstad**  
 styremedlem valt av tilsette

  
**Trudi Vågane**  
 nestleiar

  
**Geir Årvik**  
 styremedlem

  
**Martin Hamre**  
 styremedlem valt av tilsette

  
**Dagmar Nese**  
 styremedlem valt av tilsette

  
**Geir Espe**  
 adm. direktør

# Coop Vest SA

## Notar til rekneskapet 2013

### 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk i Noreg.

#### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskost med frådrag for planmessige avskrivningar. Anleggsmidlar som ein reknar med har varig verdi lågare enn balanseført verdi, er nedskrivne. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne lineært over den økonomiske levetida.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Anna langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

#### Immaterielle eigedelar

Utgifter til eigen tilverknad av immaterielle eigedelar, herunder utgifter til eigen forskning og utvikling, vert balanseført når det er sannsynleg at dei framtidige økonomiske fordelane vert knytt til eigedelane vil tilflyte selskapet og anskaffelseskost kan mål-ast påliteleg.

Immaterielle eigedelar som er kjøpt enkeltvis, er balanseført til anskaffelseskost. Immaterielle eigedelar overtatt ved kjøp av verksemd, er balanseført til anskaffelseskost når kriteria for balanseføring er oppfylt.

Immaterielle eigedelar med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig. Immaterielle eigedelar nedskrivast til gjenvinnbart beløp dersom dei forventa økonomiske fordelane ikkje dekker balanseført verdi og eventuelle attståande tilverknadsutgifter.

#### Leigeavtalar

Driftsmiddel som vert leigd på vilkår som i det vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), vert balanseført under varige driftsmiddel og tilhøyrande leigeplikter er tatt med som skyldnad under renteberande langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalningane. Driftsmiddelet er avskrive planmessig, og skyldnaden er redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

#### Inntekter

Inntekt rekneskapsførast når den er opptjent, altså når både risiko og kontroll i hovedsak er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfellet når vara er levert til kunden. Inntektene

vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

#### Kostnader

Kostnader rekneskapsførast som hovudregel i same periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfelle der det ikkje er ein klar samanheng mellom utgift og inntekt vert fordelinga fastsett etter skjønnsmessige kriterie. Øvrige unntak frå samanstillingsprinsippet er angitt der det er aktuelt.

#### Varer

Varer er vurdert til lågaste av anskaffingskost etter FIFO - metoden og netto salsverdi. Det vert avsett for pårekleleg ukurans på verdien av varelageret.

#### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er ført opp til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

#### Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel med forfallsdato som er kortare enn tre månadar frå anskaffing.

#### Aksjer og andelar i tilknytt selskap og datterselskap

Investeringar i datterselskap vurderast etter kostmetoden. Investeringa blir nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande og det må sjåast på som nødvendig etter god regnskapskikk. Motteke utbytte og konsernbidrag frå datterselskap er inntektsført som anna finansinntekt. Tilsvarande gjeld for investering i tilknytt selskap.

#### Pensjonar

Innskotsplanar vert periodisert etter samanstillingsprinsippet. Årets innskot til pensjonsordninga kostnadsførast.

Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som ikkje er ein innskotsplan. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytelsesplan, kostnadsførast forpliktinga over opptjeningstida i samsvar til planen sin opptjeningsformel. Allokeringmetode tilsvarar planen sin opptjeningsformel med mindre det vesentlege av opptjeninga skjer mot slutten av opptjeningsperioden. Lineær opptjening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om foretakspensjon vert brukt lineær opptjening.

Estimatavvik og verknaden av endra forutsetningar amortiserast over forventa gjenverande opptjeningstid i den grad dei overstig 10% av den største av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane [korridor]. Verknaden av planendringar med tilbakeverkande kraft, som ikkje er betinga av framtidig tilsetning, vert rekna inn i resultatrekneskapen umiddelbart. Planendrin-



gar med tilbakeverkande kraft som er betinga av framtidig tilsetjing, vert fordelt lineært over tida fram til ytelsen ikkje lenger er betinga av framtidig tilsetjing.

For opptjeningsbaserte utførelser som er ein separat plan, vil effekten av eventuelle estimatavvik og planendringar resultatførast umiddelbart.

Netto pensjonsforplikting er differansen mellom noverdien av pensjonsforpliktingane og verdien av pensjonsmidlar som er avsett for betaling av ytelsane. Pensjonsmidlane vert vurdert til verkeleg verdi.

Måling av pensjonsforplikting og pensjonsmidlar gjennomførast på balansedagen. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala, og er berekna av netto faktisk underfinansiering. AFP-forpliktingar innanfor LO/NHO-ordninga er ei ytelsesbasert fleirføretaksordning, men som rekneskapsførast som ei innskotsbasert ordning då den ikkje er målbar.

#### Låneinnskot frå medlemene

Låneinnskot frå medlemene er klasifisert som langsiktig gjeld.

#### Kjøpeutbytte

Kjøpeutbytte til medlemene er ført som reduksjon i salsinntekt.

#### Skattar

Skattekostnaden er samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytta til eigenkapitaltransaksjonar er ført mot eigenkapitalen. Skattekostnaden er sett saman av betalbar skatt (skatt på årets direkte skattepliktige inntekt) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære poster ut frå skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

#### Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

## 2 Postar som er samanslegne

Resultatrekneskapan	2013	2012
<b>Andre driftsinntekter</b>		
Husleigeinntekt	3 216 875	2 502 848
Provisjonsinntekter	12 051 501	11 202 885
Bonus NKL og andre	18 883 965	16 531 754
Transportinntekter	0	826 384
Arbeidsinntekt verkstad	398 786	1 053 609
Vinst v/sal anleggsmiddel	7 312 100	4 991 007
Diverse inntekter	6 369 119	6 215 056
<b>Sum andre netto driftsinntekter</b>	<b>48 232 346</b>	<b>43 323 543</b>

#### Finansinntekter

Renteinntekt	3 601 461	4 224 680
Anna finansinntekt	14 221	2 008 180
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>3 615 682</b>	<b>6 232 860</b>

#### Finanskostnader

Rentekostnader	6 012 840	5 405 750
Annan finanskostnad	772 157	762 786
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>6 784 997</b>	<b>6 168 537</b>

## 3 Salsinntekter

	2013	2012
Pr. verksemdsområde		
Handelsverksemd - detaljhandel/daglegvarer	1 359 815 591	1 339 792 802
Handelsverksemd - detaljhandel/faghandel	236 037 779	251 839 878
<b>Sum</b>	<b>1 595 853 370</b>	<b>1 591 632 681</b>

#### Omsetning fordelt pr. profil

Mega	415 347 144	461 196 881
Extra	365 142 538	293 469 969
Prix	240 364 343	244 107 978
Marked	323 292 884	325 702 948
Nærkjøp	15 668 682	15 315 027
Spesialvarer	38 631 799	41 841 37
Kafe	19 302 424	13 144 103
Bygg	164 302 893	170 844 365
Annet	13 800 663	26 010 033
<b>Sum</b>	<b>1 595 853 370</b>	<b>1 591 632 681</b>



## I 2013 investerte Coop Vest SA 40 mill. kroner i butikkutvikling

### 4 Varer

Varer er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg anskaffingskost og netto salsverdi. Varebeholdninga er i balansen ført opp til kostpris med frådrag for ukurans.

### 5 Lønnskostnader, tal tilsette, godtgjeringar, lån til tilsette mm.

Lønnskostnader	2013	2012
Lønningar	182 851 915	182 296 632
Folketrygdavgift	24 319 394	23 446 863
Pensjonskostnadar	5 356 808	2 792 089
Andre ytingar	2 070 835	2 045 787
<b>Sum</b>	<b>214 598 951</b>	<b>210 581 371</b>
Gjennomsnittleg tal tilsette	972	948

Ytingar til leiande personar	Lønn	Anna godtgjerjing
Dagleg leiar	1 544 535	9 938
Styreleiar	120 850	
Øvrige styremedlemer	28 306 fast godtgjerdslø	
Øvrige styremedlemer	900 pr. møte	

Det er ikkje gjeve lån eller bonusavtale til leiande personar eller medlemer av styret.

Administrerande direktør har avtale om eitt års etterlønn ved avgang.

#### Revisor

Godtgjersle til KPMG er fordelt slik:

Lovpålagt revisjon eks. mva	301 726
Bistand rekneskap/likningspapir eks. mva	92 024

### 6 Pensjonskostnader, -middel og -ansvar

Foretaket er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon, og har pensjonsordning som tilfredsstillar krava i denne lova.

#### Innskotsplan

Føretakets innskotsordning er organisert i henhold til lov om innskotspensjon.

#### Ytingsplan

Selskapets ytingsbaserte pensjonsordningar gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktingane er fondert gjennom et forsikringsselskap. Denne ordninga vart lukka i løpet av 2012.

Som følge av AFP-tilskottsloven vart gammal AFP-ordning lukka per 31.12.2010. Lukkinga av denne vart behandla rekneskapsmessig som avkorting. Den nye AFP-ordninga er ei ytingsbasert fleirføretaksordning, som den gamle AFP-ordninga i LO/NHO-området. Den nye AFP-ordninga vert rekneskapsmessig å sjå på som ei ny ordning, ikkje som ei endring av den eksisterande ordninga.

#### Rekneskapsføring knytta til gammal AFP-ordning

Gjenverande rekneskapsført forplikting for gammal AFP-ordning knyter seg til betjening av AFP-pensjonistar gått av før 2011 (25% eigenandel samt premie for åra 2011-2015). I årets pensjonskostnad inngår også ei avsetning for å dekke opp ei forventta utbetaling knytt til ei underdekning i den tidlegare AFP-ordninga. Denne avsetninga er balanseført som langsiktig gjeld.

#### Rekneskapsføring av forplikting for ny AFP-ordning

Føretaket har ei reell økonomisk forplikting som følge av avtalen om ny AFP-ordning. I 2013 føreligg imidlertid ikkje tilstrekkeleg informasjon for å mogleggjere innrekning av ny forplikting i årsrekneskapet for 2013. Dette medfører at ingen forplikting for ny ordning vert balanseført i 2013.

Pensjonsforpliktingar 31.12.	2013	2012
Påløpte pensjonsforpliktingar 31.12	4 501 593	7 286 460
Verkeleg verdi av pensjonsmidlar	-3 769 834	-4 688 336
Arbeidsgjevaravgift	90 007	317 470
Estimatavvik	119 307	-1 711 305
<b>Sum netto ytingsbasert pensjonsforpl. 31.12.</b>	<b>941 074</b>	<b>1 204 290</b>



## Coop Vest SA sitt medlemskort vart i 2013 brukt på omlag 73 % av all omsetnad i våre butikker

### Pensjonsmidlar består av følgjande

	2013	
Aksjar	388 293	10,30%
Omløpsobligasjonar	640 872	17,00%
Pengemarked	829 363	22,00%
Anleggsobligasjonar	1 326 982	35,20%
Eigedom	539 086	14,30%
Anna	45 238	1,20%

### Endring i noverdi av ytingsbaserte pensjonsforpliktingar

	2013	2012
Ytingsbasert		
pensjonsforplikting 01.01.	5 930 507	34 789 495
Årets pensjonsopptjening	3 611	631 569
Rentekostnad på		
pensjonsforpliktingane	216 198	959 326
Effekt omdanning 01.09.2012	0	-25 412 378
Estimatavvik	-82 848	-192 752
Pensjonsutbetalingar	-1 565 876	-3 488 800

### Ytingsbasert

**pensjonsforplikting 31.12. 4 501 592 7 286 460**

### Endring i pensjonsmidlar

	2013	2012
Pensjonsmidlar ved		
periodens start	3 215 766	28 042 416
Forventa avkastning		
på pensjonsmidlane	112 908	951 432
Aktuarielt (tap)/gevinnt	600 067	-954 254
Administrasjonskostnader	-94 440	-602 882
Innbetalt premie / til premiefond	91 193	928 631
Pensjonsutbetalingar	-155 661	-1 696 628

### Pensjonsmidlar

**(markedsverdi) pr. 31.12. 3 769 833 26 668 714**

### Kostnad innrekna i resultatet

	2013	2012
Årets pensjonsopptjening	3 611	631 569
Rentekostnad på		
pensjonsforpliktingane	216 198	959 326
Pensjonskostnad (brutto)	219 809	1 590 895
Forventa avkastning på		
pensjonsmidlane	-18 468	-348 550
Pensjonskostnad (netto) før AGA	201 341	1 242 345
Res. ført aktuarielt tap/(gevinnt)	1 334 673	989 535
Res. ført nettoforpl. (gevl) pga. omdanning 01.09.2012	0	-3 854 136
Res. ført andel akt. tap pga. omdanning 01.09.2012	0	2 064 953
Periodisert arbeidsgjevaravgift	24 765	154 757
<b>Resultatført pensjonskostn. etter AGA</b>	<b>1 560 779</b>	<b>597 454</b>

Innskotsbasert pensjonsordning	1 638 990	1 791 396
Tilskot til LO/NHO-ordninga	3 387 138	3 201 336

### Aktuarielle føresetnader for berekning av kostnad

	2013	2012
Diskonteringsrente	4,10%	4,20%
Avkastning på pensjonsmidlane	4,40%	3,60%
Lønnsvekst	3,75%	3,25%
Regulering av opptent pensjon i folketrygda	3,50%	3,00%
Regulering av pensjonar under utbetaling	2,75%	2,25%

### Aktuarielle føresetnader for berekning av forplikting

	2013	2012
Diskonteringsrente	4,10%	4,20%
Avkastning på pensjonsmidlane	4,40%	3,60%
Lønnsvekst	3,75%	3,25%
Regulering av opptent pensjon i folketrygda	3,50%	3,00%
Regulering av pensjonar under utbetaling	2,75%	2,25%

### Benytta dødligeitstabell

Uføretabell	K2013 BE IR02	K2005 IR02
-------------	------------------	---------------

### Avkastning og samansetjing av pensjonsmidlar:

Faktisk avkastning ikkje opplyst frå aktuar

	2013	2012
Tal i ordninga		
Sikra ordningar		
Aktive	0	4
Pensjonistar	23	32



## Coop Vest SA sin verdjusterte egenkapital i 2013 er på nærare 50%, noko som gjev selskapet god handlefridom dei komande åra

### 7 Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir avskrivne over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er fordelt lineært over forventa økonomisk levetid.

	Goodwill*	Aktiverte kostn. Leigde lokale	Bygn. og anna fast eigedom	Maskiner og anlegg	Driftslausøyre, inventar, verktøy ol	Totalt
Anskaffingskost 1.1.	0	12 544 727	286 832 799	79 367 500	160 217 900	538 962 926
Tilgang kjøpte driftsmidlar	1 830 500	2 220 983	4 170 245	7 655 208	16 279 710	32 156 647
Avgang	0		-191 650	-997 530	-278 958	-1 468 138
<b>Anskaffingskost 31.12.</b>	<b>1 830 500</b>	<b>14 765 710</b>	<b>290 811 394</b>	<b>86 025 179</b>	<b>176 218 652</b>	<b>569 651 435</b>
Akkumulerte av-/nedskrivningar	90 500	2 632 710	99 335 079	56 616 669	132 980 994	291 655 952
<b>Bokført verdi pr. 31.12.</b>	<b>1 740 000</b>	<b>12 133 000</b>	<b>191 476 314</b>	<b>29 408 510</b>	<b>43 237 658</b>	<b>277 995 483</b>
Årets avskrivningar	90 500	1 327 983	7 230 994	9 138 180	15 276 934	33 064 591
Økonomisk levetid	5 år	10 år	25 - 50 år	3-7 år	5-7 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

\* Goodwill er knytt til oppkjøp av Bakar Jon på Byrkjelo i 2013

Årleg leige av ikkje balanseførte leigeavtalar:

Leige av lokale til butikkdrift kr 25 644 081

Leige av maskiner og utstyr kr 135 839

### 8 Datterselskap, tilknytt selskap m.v.

Anleggsaksjar og mindre investeringar i andre selskap der selskapet ikkje har betydeleg innflyting er balanseført til kostpris. Investeringane blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Utbetalingar frå selskapet er inntektsført som anna finansinntekt.

	Forretnings- kontor	Stemmeandel	Eierandel	Egenkapital i følge siste årsregnskap	Årsresultat i følge siste årsregnskap
Firma					
Coop Vest Eigedom AS	Moss	50,00%	50,00%	145 401 981	2 102 687

### 9 Pantsettingar og garantiar m.v.

Samvirkelagens Garantifond AL, Oslo, har pant for kr 170.000.000 i varelageret og for kr 160.000.000 i fast eigedom. Dette er garantiansvar for medlemene sitt låneinnskott i samvirkelaget. Langsiktig gjeld på kr 19.230.000 er sikra med pant i fast eigedom med bokført verdi kr 93.192.048 og tilhøyrande lausøyre inntil pålydande kr 40.000.000 pr. 31.12.13.



## Coop Vest SA har i 2013 hatt 6,2 millioner betalende kunder som har handla over 53 millioner varer

### 10 Skatt

Skattar blir kostnadsført når dei påløper, det vil seie at skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt og skatt på formue i samvirkebedrifter) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar i samsvar med skattegrunnlaget.

#### Årets skattekostnad fremkjem slik:

Betalbar formueskatt	416 242
For lite avsett tidl. år	1 411
Brutto endring utsett skattefordel i balansen	2 937 654
<b>Skattekostnad ordinært resultat</b>	<b>3 355 307</b>

#### Avstemming skattekostnad og skatt utrekna med nominell skattesats:

Årets totale skattekostnad	3 355 307
Skatt utrekna med nominell skattesats (28%) av resultat før skatt	2 378 615
<b>Avvik</b>	<b>976 691</b>

#### Avviket er forklart med:

Skatt på permanente forskjellar	2 942
Skatt på formue	-416 242
For lite avsett tidl. år	-1 411
Effekt av endra skattesats på utsatt skattefordel	-561 980
<b>Sum forklaring</b>	<b>-976 691</b>

#### Betalbar skatt i årets skattekostnad kjem fram slik:

Ordinært resultat før skattekostnad	8 495 055
Permanente forskjellar	-10 507
Framførbart skattemessig underskot	0
Endring midlertidige forskjellar	-8 484 548
Grunnlag betalbar skatt	0
Skatt, 28%	0
Skatt på formue	416 242
<b>Sum betalbar skatt</b>	<b>416 242</b>

#### Spesifikasjon av grunnlag for utsett skatt

	2013	2012
Forskjellar som blir utlikna:		
Anleggsmiddel	-21 297 915	-23 112 814
Omløpsmiddel	-22 303 000	-26 147 000
Pensjonsforpliktingar	-941 074	-1 204 255
Andre avsetningar	-6 628 580	-12 357 322
Gevinst- og tapskonto	13 035 830	16 202 104
Framførbart underskot	-18 063 303	-18 063 303
<b>Sum</b>	<b>-56 198 042</b>	<b>-64 682 590</b>
Utsett skattefordel	-15 173 471	-18 111 125

### 11 Eigenkapital

	Ansvars- innskot	Felleseigd ansv.kap.fond	Utbytte- fond	Annan EK	Sum
<b>Eigenkapital 1. januar</b>	<b>14 336 313</b>	<b>39 338 956</b>	<b>28 163 832</b>	<b>150 878 302</b>	<b>232 717 404</b>
<b>Årets endring i eigenkapital</b>					
Endring ansvarsinnskot	323 773				323 773
Frå årets resultat		0	0	5 067 891	5 067 891
<b>Eigenkapital 31. desember</b>	<b>14 660 086</b>	<b>39 338 956</b>	<b>28 163 832</b>	<b>155 946 193</b>	<b>238 109 068</b>



## Coop Vest SA har i 2013 hatt nærare 215 mill. kroner i lønnskostnader, av dette er 24. mill. kroner betalt til kommune i form av arbeidsgjevaravgift

### 12 Eigarstruktur

Coop Vest SA er ei medlemseigd verksemd med 48.877 medlemmer pr. 31.12.13.

### 13 Bundne middel

I posten inngår bundne bankinnskot med kr 10.833.994,-

### 14 Andre driftskostnader

	2013	2012
Kostnader knyttet til drift		
butikklokale/eigedom	55 305 157	53 169 488
Leige av utstyr	6 144 524	7 511 527
Anskaffelse og reparasjonar	12 791 099	12 870 854
Eksterne tenester	3 495 988	4 224 659
Bilkostnader	1 202 894	2 349 394
Reisekostnader	1 469 348	2 051 946
Annonsar, reklame, sponsorstøtte	23 433 431	23 203 879
Kontorrekvisita, telefon, porto osv.	6 965 030	7 230 195
Andre kostnader	2 227 523	3 929 130
<b>Sum</b>	<b>113 034 994</b>	<b>116 541 072</b>

### 15 Anna kortsiktig gjeld

	2013	2012
Trukke fagkontigent	162 604	163 519
Avtalefesta pensjon	0	204
Skuldige feriepengar	20 466 624	20 102 325
Skuldig løn	1 925 900	2 790 375
Anna kortsiktig gjeld	5 547 881	10 277 060
<b>Sum</b>	<b>28 103 009</b>	<b>33 333 483</b>

### 16 Anna langsiktig gjeld

Pantegjeld med forfall meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt utgjør kr 8.530.000.

### 17 Transaksjonar med nærstående partar

Coop Vest SA har husleigeavtalar med Coop Vest Eigedom AS som er 50/50 eigd av Coop Vest SA og Coop Norge Eiendom AS. Det er i 2013 betalt kr 10.540.457 i husleige til Coop Vest Eigedom AS og dotterselskap.

### 18 Finansiell Risiko

#### Marknadsrisiko

Marknadsrisikoen er vurdert å vere låg. Laget har ingen eksponering i utanlandsk valuta, og endringar i rentenivået vil ha avgrensa påverknad på laget.

#### Kredittrisiko

Risikoen for at ein motpart ikkje skal ha økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar overfor laget vert sett på som låg. Historisk sett har det vore lite tap på fordringar.

#### Likviditetsrisiko

Likviditeten i laget er god, og det er ingen forhold som skulle tilseie endringar i likviditetsrisikoen.

Største likviditetsrisikoen relaterer seg til uttak av medlemsinnskot. For Coop Vest SA sin del så meiner ein at gjennom eit konkurransedyktig rentenivå så er denne risikoen avgrensa.

# Coop Vest SA

## Kontantstrømoppstilling

	2013	2012
<b>Kontantstrømoppstilling</b>		
+/- Resultat før skattekostnad	8 495	9 453
- Periodens betalte skatt	-366	-263
+/- Tap/gevinst ved sal av anleggsmidler	-7 312	-6 990
+ Ordinære avskrivninger	33 065	28 156
+/- Endring varelager	-4 079	-3 227
+/- Endring kundefordringar	3 153	477
+/- Endring leverandørgjeld	5 083	-16 176
+/- Forskjell kostnadsført pensjon mv	-263	-2 459
+/- Postar klassifisert som invest.-/finans. aktiviteter	11 726	11 553
+/- Endring i andre tidsavgrensingsposter	-760	4 640
= <b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter</b>	<b>48 740</b>	<b>25 163</b>
<b>Kontantstrømmar frå investeringsaktivitetar</b>		
+ Innbetalingar ved sal av varige driftsmidler	8 686	5 273
- Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidler	-32 157	-44 171
+ Innbetaling ved sal av aksjar og andelar	0	7 000
- Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar	0	-100
+ Innbetalingar ved oppgjør av finansielle fordringar	0	12 194
= <b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-23 470</b>	<b>-19 804</b>
<b>Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>		
+ Innbetaling medlemsinnskot	38 474	3 124
- Utbetaling ved nedbetaling av kortsiktig gjeld	0	0
+ Innbetalingar av ansvarsinnskot	324	433
- Utbetaling ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-2 155	-2 170
+ Renter ansvarsinnskot	72	68
- Utbetaling av kjøpeutbytte	-13 711	-11 359
= <b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>23 004</b>	<b>-9 904</b>
= <b>Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar</b>	<b>48 274</b>	<b>-4 545</b>
+ <b>Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar 01.01</b>	<b>86 889</b>	<b>91 434</b>
= <b>Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar 31.12</b>	<b>135 163</b>	<b>86 889</b>

# Revisjonsberetning



**KPMG AS**  
Postboks 4 Kristianborg  
Kanalveien 11  
N-5822 Bergen

Telephone +47 04063  
Fax +47 55 32 71 20  
Internet www.kpmg.no  
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlinga i Coop Vest SA

## MELDING FRÅ REVISOR

### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Coop Vest SA som viser eit overskot på kr 5 139 748. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

#### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

#### *Revisors oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvise bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilete av den finansielle stillinga til Coop Vest SA per 31. desember 2013 og av resultatata og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

#### Offices in:

Oslo	Haugesund	Sandnessjøen
Alta	Knarvik	Stavanger
Arendal	Kristiansand	Stord
Bergen	Larvik	Straume
Bodo	Mo i Rana	Tromsø
Eiverum	Moide	Trondheim
Finnsnes	Narvik	Tønsberg
Grimstad	Ræres	Ålesund
Hamar	Sandefjord	

KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening





### Utsegn om andre tilhøve

#### Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 25. februar 2014

KPMG AS

Knut Olav Karlsen

Statsautorisert revisor

## Kontrollkomiteen

### MELDING FRÅ KONTROLLKOMITE.

Kontrollkomiteen har gått gjennom styreprotokollane. Det er ikkje merknad til styret sine vedtak og disposisjonar.

Kontrollkomiteen har og gjennomgått styret sitt forslag til årsmelding, resultatrekneskap, balanse og kontantstraumanalyse for år 2013 for Coop Vest SA. Kontrollkomiteen viser til melding frå KPMG v/statsautorisert revisor Knut Olav Karlsen.

Kontrollkomiteen gjer framlegg overfor Årsmøtet at årsoppgjeret for 2013 godkjennast slik det ligg føre.

Førde 25. februar 2014

Nina Skjærli

Harald Haugen

Audun Sandnes

# Representantar i årsmøtet

## Region Nordfjord

Kjell Roset  
Björg Jorunn V Steen  
Helge Råd  
Lars Andr Tomasgard, 1. vara  
Leif Årskog, 2. vara

## Region Sogn

Torstein Kvam  
Jermund Fimreite  
Eidar Sønnesyn  
Else Luggenes  
Harald Thune  
Synnøve Balevik, 1.vara  
Herfinn Takle, 2.vara

## Region Sunnfjord

Britt Tjønneland  
Harald Kvame  
Ann Lisbeth Lesto  
Helge Robert Midtbø  
Trine Merete Vokuhl  
Mindor Årset  
Johan Kåre Kjerstad, 1. vara  
Audhild Teigen, 2. vara

## Region Sunnmøre

Martin Klokk  
Inge Hellebust  
Ingar Warholm  
Kurt Are Skarbø  
Ingrid Opedal  
Kari Riise  
Magne Hjelle, 1. vara  
Vidar Vaage, 2. vara



Foto: Ingvar Torsvik Myrvollen



Årsmøtet er Coop Vest SA sitt øvste organ med 30 representantar. Av desse representerer 20 personar dei medlemsvalte, medan 10 er valt av dei tilsette. Ordførar er Harald Kvame og varaordførar er Kari Riise.

## Frå dei tilsette:

### Region Nordfjord

Reidunn Ask Flølo  
Karoline L Kjerpeseth  
Astrid Oline Mikalsen, 1.vara  
Roald Halsør, 2.vara  
Aslaug Huus, 3. vara

### Region Sogn

Mette Alme  
Marino Ask  
Stine Sørnum Haugen, 1. vara  
Olaug Lindborg Hov, 2. vara  
Jan Flatland, 3. vara

### Region Sunnfjord

Marit Botnen  
Mildred S Myrvoll  
Åse Bøyum  
Helge Einebærholm, 1. vara  
Beate Standal, 2. vara  
Margrete H Alværen, 3. vara

### Region Sunnmøre

Gerd Eidheim  
Anna Kjersti Skare  
Monika Gjølseth  
Rita Merete Kjøde, 1.vara  
Anja Djupvik, 2.vara  
Svein Richard Håskjold, 3. vara

## Styret

Styreleiar: Wilhelm Gjertsen, FØRDE  
Nestleiar: Trudi Vågane, SVELGEN  
Medlem: Hege Karete Hamre, VOLDA  
Medlem: Jane Grethe Stedje, ÅRDALSTANGEN  
Medlem: Geir Årvik, STADLANDET  
1.vara Hege Inderberg, VASSENDEN  
2.vara Olav Tenden, STRYN  
3.vara: Svein Arne Høyheim, HØYANGER

## Frå dei tilsette

Medlem Martin Hamre, SANDANE  
Medlem: Else Beate Barstad, ØRSTA  
Medlem: Dagmar Nese, BALESTRAND  
1. vara: Frode Taklo, NORDFJORDEID  
2. vara: Sven Borlaug, SOGNDAL  
3. vara: Eva Måløy, TJØRVÅG  
4.vara: Anne Lise Årdal, VASSENDEN  
5.vara: Leif Fristad, MARIFJØRA

## Kontrollkomite

Leiar: Harald Haugen, GAUPNE  
Medlem: Nina Skjærli, FØRDE  
Medlem: Audun Sandnes, EIDSÅ  
1. vara: Gunn Merete Paulsen, FØRDE  
2.vara: Mona Drage Skår, SELJE

## Valnemnda

Leiar: Magni Hjertnes Flyum, NORDFJORDEID  
Medlem : Johanne G Pettersen, GJERDSVIKA  
Medlem: Arnstein Hauge, LEIKANGER  
Medlem: Karen Hornnes, FØRDE  
1. vara: Kjell Einar Skrede, NORDFJORDEID  
2. vara: Jardar Bøthun, FRESVIK

# Styret i Coop Vest SA



Foto: Roy Sunde

*Fra venstre; styremedlem Geir Årvik, 1. vararepresentant Hege Inderberg, styremedlem valt av dei tilsette Martin Hamre, styremedlem Hege Karete Hamre, styreleiar Wilhelm Gjertsen, styremedlem valt av dei tilsette Dagmar Nese, nestleiar Trudi Vågane, styremedlem valt av dei tilsette Else Beate Barstad. Styremedlem Jane Grete Stedje var ikkje tilstades då biletet vart teke.*

# Coop Vest SA si sponsorverksemd



Coop Vest SA har i 2013 sponsa lag og organisasjonar med ca 2 millionar kroner. Nokre av våre samarbeidspartnarar gjennom året har vore Malakoff Rockfestival, Norsk Countrytreff, Nordfjordrittet, Sogndal Fotball, Målrock, Kjerringa opp, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Førde Fotball, Førde Handball, Førde Alpint, Trebåtfestivalen, Sogn og Fjordane Skikrins, Hødd Fotball, Ørsta Fotball og Hovedbygda IL.

*Til venstre: Høyanger IL sin buss*

*Under: Til Førdefestivalen er det Mega Førde som leverer varene.*

*Oppe til høgre: Damelaget til Førde IL Handball*

*Nede til høgre: Coop Vest-gjengen: med «sjefen sjøl», Geir Espe (foran) samla før ein starta på det om lag tre mil lange Nordfjordrittet.*



Foto: Oddleiv Apneseth



Foto: Firda Tidender/Bjørn Grov

# Coop Vest SA si sponsorverksemd



Ørsta Fotball, Gutar 2006-årgangen.

Frå feiringa til IL Hødd etter cup-finalegullet i 2012. Coop Extra sponsar laget.



Foto: Ståle Waite/Summersposten



*Øpe til venstre: Publikum sette tydeleg pris på bananvafler og fruktkorger frå Coop Vest sin stand under årets Malakoff Rockefestival.*

*Over: Coop sponsar også Sogn og Fjordane skikrins. Frå venstre: Andreas Strand, Jølster, Andrine Mårstøl, Nordfjordeid, og Johannes Betten, Førde.*

*Til venstre: Sogndal Fotball, her representert ved Azar Karadas og Ulrik Flo. Coop Vest er med som sponsor.*

# Midt i (lokal)matfatet

**No skal lokalmat få meir plass i Coop-butikkar. Først ut er Mega-butikkane, som allereie har byrja arbeidet med å sette fokus på varene til lokalmatprodusentar.**

– Coop har satsa på lokalmat i mange år. Det er heilt naturleg, vi bur jo midt i matfatet, smiler Rune Økland, salsjef i Coop Vest, og har mange spennande leverandørar av lokalmat, både i Sogn, Sunnfjord, Nordfjord og på Møre. Alle regionane har sine smakar og preferansar. Det gjev eit spennande mangfald. Vi satsar hardare no med sterkare merksemd på lokalmat. Den skal få mykje tydelegare og større plass i butikkkane. Først i Mega-butikkane, deretter i Extra-butikkane. Vi ønskjer å byrje med dei store butikkkane, der vi har meir plass å spele oss på, seier han.

## **Mangfald er utfordrande, men kjekt**

Ein Coop Extra eller Mega har mange tusen varer i hyllene, men det er alltid plass til fleire.

– Ei utfordring for lokalmatprodukt er å nå fram i vrimmelen av varer. Vi hadde nett ei samling på Byrkjelo for ferskvaresjefane i Mega-butikkane, i lag med Aud Slettehaug, i Kompetansenavet for lokal mat i Sogn og Fjordane, samt lokalmatprodusentar. Der gjekk vi gjennom korleis ein kan eksponere produkta best mogleg, for å få dei fram i vrimmelen av produkt. Det var eit nytt startskot for lokamatsatsinga. På butikksjefmøte i slutten av februar fekk lokalmatleverandørane våre presentert seg. I mars dreiv vi kompetansheving på lokalmat for butikksjefar, ferskvarerjefar og medarbeidarar. No byrjar vi i å rulle ut. I nokre butikkar har vi alt teke grep, som Extra i Florø og Førde. No skal lokalmat bli meir synleg dei andre butikkkane også, seier han og fortel at dei prøver å gjere det enkelt for små aktørar å bli med på laget.

– Matvarebransjen er ganske straumlinjeforma, med store aktørar. Det kan vere ei utfordring for dei små. Difor har vi laga ein enkel avtale, som vi skriv med lokalmatleverandørane som skal inn i systemet vårt. Hovudbodskapen i avtalen går på mattryggleik, og korleis handtere dette. Når dei har godkjenning, distribusjon og merking etter forskriftene, er vi villeg til å prøve produkta i butikkkane våre. Då byrjar vår jobb: Å vise produkta på best

*Salssjef i Coop, Rune Økland (t.v.) og salsleiar i Coop Vest, Ivar Dvergsdal, merkar stor interesse for lokalt produsert mat.*

mogleg vis i butikkkane og i vårt materiell, så kundane legg merke til dei.

## **Dei litt vanskelege sesongane**

Der dei store fabrikkbaserte produkta ofte lever eit liv utan store sesongar, må mindre leverandørar ofte leve med meir ujamn produksjon i løpet av året.

– I periodar kan det vere utfordrande å få nok av enkelte sesongbaserte produkt. Ta lefser til jul som døme: Forbrukarar i dag er så godt vant at dei gjerne kjem til butikken to dagar før jul, og ønskjer å kunne kjøpe ei vare, som kanskje er utseld. Men det er jo ei positiv utfordring at etterspurnaden etter ei vare er så stor at ein ikkje makter å lage nok. Det er langt verre når ting ikkje fell i smak hos kunden. Og mange lokalmatprodukt er sesongbaserte, som gjer tilgangen vanskeleg i delar av året. Dette gjeld særleg bær.

For mange av lokalmatprodusentane ligg det også ei utfordring i at dei kjem med eit nytt produkt, som kundane ikkje kjenner til frå før.

– Det er utruleg viktig at produsentane kjem ut i butikkkane og held demonstrasjonar, slik at potensielle kundar får smake produkta og bli kjent med produsenten. Det er ein positiv måte å auke salet på, og skape dialog med kundane. Vi ønskjer at våre lokalmatprodusentar i større grad er i butikkkane og demonstrerer varene sine. Det synest dei sjølv er kjekt også, men det kan jo vere ei ekstra utfordring i ein travel kvardag. Der ligg eit potensiale, og kanskje kan fleire små, med utfyllande produkt, slå seg saman og ha demonstrasjonar. Eg vil seie at dette er noko av det viktigaste dei kan gjere for å skape interesse rundt produkta sine, seier han.

## **Kor lokalt er lokalt?**

– *Kva definerer Coop Vest som lokalt?*

– Mange tenkjer nok veldig lokalt, men vi ønskjer å utvide omgrepet. Vi tenker at lokal mat er basert på småskalaproduksjon, ut frå lokale tradisjonar, og at den har tilhøyr i regionen. Og at dei utvalte produkta fortener ekstra merksemd og





Foto: Roy Sundt

*Dei siste åra er det blitt stadig meir fokus på lokalprodusert mat. For Coop er det viktig å vere med på denne trenden.*

plass i butikken. Geografisk ønskjer vi ei brei tilnærming: Eit produkt som høyrer til i Hardanger er greitt, men vi går ikkje over bekken etter vatn. Vi kjøper heller rakaure laga i Jølster enn i Valdres. Men vi kan godt hente svinemør frå Sunnmøre, om den ikkje blir laga her. Nokre produkt har større geografisk spreieing enn andre, så det varierer frå produkt til produkt kor lokalprodusert det må vere for at vi tenkjer på det som lokalmat, seier han. – Vi må også ta høgde for års- og sesongvariasjonar. Vi kunne kjøpt mykje meir bær lokalt i fjor, som vi kunne selt i butikkane både her i fylket og på Møre, men det var eit vanskeleg år produksjonsmessig. Det er viktig for oss å finne gode marknader for lokale produkt, så vi kan bidra til å støtte opp og spreie dei vidt, seier han, og gler seg over å også kunne tilby lokalt produserte drikkevarer.

– Vi har etter kvart fått ei sterk bløming av lokale bryggeri, som Kinn i Florø, Ægir i Flåm og Balder på Leikanger. Dette er lokalt produserte varer, som vi ønskjer å selje i butikkane våre. Vi har sagt at vi skal samlokalisere lokale produkt, men øl må jo plasserast i høve loverk.

### Utstillingsvindauget Bakar Jon

Jobben med å utvide utvalet av lokale matprodukt har blitt lettare gjennom satsinga.

– Vi har avtaler med mange lokalmatprodusentar, og jobbar med å få på plass fleire. Og då kanskje også produsentar som lagar andre varegrupper enn dei vi alt har. Det blir mykje spekemat og røykelaks, så kjem det andre typar produkt er det ekstra spennande. Den prosessen skjer fortløpande. Og etter at vi byrja å fokusere på dette, har mange produsentar kontakta oss. Det er jo knallpositivt! Spesielt Bakar Jon er eit utstillingsvindaug for oss. Dei har alt mange produsentar på plass, som vi hentar inn til andre butikkar etterkvart. Extra Førde har og lenge vore eit godt utstillingsvindaug for lokalmat. Målet er at lokalmat skal bli like synleg i andre butikkar, då tilpassa storleiken og volumet på butikken. Alle butikkane har



Foto: Roy Sunde

ikkje plass til eit lokalmatbu, men god eksponering skal lokalmat få i alle saman.

### Ein trend i tida

Siste åra har det blitt stadig meir fokus på lokalt produsert mat i samfunnet.

– Då er det viktig at Coop er med på det, og set mfokus på dette med lokal mat. Vi tykkjer det er positivt å støtte det lokale engasjementet som har vakse fram i bygde-Norge på dette med lokale matprodukt. Samtidig er det vinn-vinn, for vi tilfører jo butikkane våre noko spesielt med dette, som skil seg ut frå dei andre produkta, seier Ivar Dvergsdal, salsleiar i Coop Vest med ansvar for lokal mat. Han har tankar om kvifor forbrukarane er blitt meir og meir opptekne av dette.

– Det har vokse fram ei stoltheit over det vi har rundt oss. Nordmenn reiser mykje ut i verda og har plukka opp mat-

stoltheit. I likskap med sveitsarar, italiennarar og spanjolar er vi stolte over osten, skinkene, pølsene og dei andre gode matvarene som blir laga i eige lokalmiljø.

– Det er mykje matprogram på fjernsyn også, der ein har fokus på lokale råvarer og god kvalitet. Folk blir meir og meir opptekne av å nytte råvarer av høg kvalitet, og minst mogleg tilsetningsstoff. Slike ting pregar oss nok også, skyt Øksland inn.

– Når folk har gjestebod heime er det også ekstra kjekt å bruke lokale råvarer. Då kan ein knyte ei historie til maten. For eksempel at denne geitepølsa vart kjøpt på ein tur til Kandalen, og så kan ein fortelje noko om maten. Lokal mat er spennande, og det er veldig mange gode produkt, så dette er eit veldig spennande felt å jobbe med, avsluttar Dvergsdal.

Lokal mat er spennande mat. I dag har Coop mange gode produkt å velje mellom, her illustrert med pølse frå Kandal.



# Utstillingsvindauget for lokalprodusert mat

*Bakar Jon, med Jon Myklebust ved roret, er ei satsing frå Coop Vest som skal vise mangfalet av lokalprodusert mat.*

## Ved roret står Bakar Jon Myklebust, som tok over butikken etter far sin i 1983. Jon og kona Åse Berit Myklebust har tre born, men ingen av dei ville ta over butikkdrifta.

– Vi vurderte å legge ned butikken, men vi hadde eit sterkt ønske om at butikken skulle førast vidare. Coop Vest kom på bana for nokre år sidan, dialogen gjekk, og i fjor vart vi samde om ein avtale, fortel han og deler årsaka til at dei ville selje.

– Arbeidspresset! Vi ønskte normale dagar, og høve til ferie. Som besteforeldre ønskjer vi å kunne besøke barn og barnebarn som bur i Oslo.

– Avtalen vi fekk med Coop sikrar liv i lokala. Dei tenker langsiktig. Vi er glade for å ha dei på laget. Det er ein seriøs aktør. Utfordringa er at dei som har ansvar for drifta sit lenger unna. Før var vi tett på, no er vi tilsette. Samtidig har dei andre styrker, blant anna på økonomi.

Administrerande direktør i Coop Vest,

Geir Espe, er glad for å ha Bakar Jon på laget.

– Bakar Jon er annleis enn det vi elles er inne i. Det er berre Coop Vest som driv med slikt, smiler Espe. – Jon og Åse har skapt noko unikt, og har stor kunnskap om brød og bakarvarer.

Bakar Jon ønskjer å vise mangfaldet av lokalt produsert mat.

– Vi skal vidareføre bakeriet, men det er veldig spennande med lokalt produsert mat. Breim er den største landbruksbygda i fylket, så det er naturleg å ha ein butikk som samlar lokale produkt. Det gjev bøndene ein stad å vise varene sine, og forbrukarane ein stad å handle spennande mat. Så lenge produsentar satsar må nokon selje produkta også. Og det vil vi vere med på. Vi har produkt frå over 30 lokalmatprodusentar i butikken, og vil ha fleire, og sper på med andre, eksklusive produkt. Her får du franske ostar, side om side med Undredalsost. Vi har tankar om korleis vi kan utvikle konseptet. Vi ønskjer blant anna å følgje årstidene endå meir i utvalet, for eksempel på dette med frukt og bær, og ønskjer breiare produktspekter. No er det mykje mårpølse, røykelaks

og eplemost. Kvitt kjøtt er mangelvare, og det er lite fiskeprodukt å få. Men det skjer mykje, og det kjem fleire produkt etter kvart, seier Jon.

– Lokalmatprodusentar har utfordringar. Det er vanskeleg å jamt produsere ting som ikkje er langtidshaldbart. Ein må selje varene på kort tid. Det er utfordringar i høve sesong, ferieavvikling og slikt. Vi treng jamn tilgang på varer heile året, viss ikkje blir det eit problem. Coop Vest ønskjer å tene pengar på satsinga, men Espe trekk også fram eit anna perspektiv:

– Vi ønskjer å vere ein samfunnsaktør, som tek i vare lokalmiljøa vi eksisterer i. Det har vi fokus på. Vi gjer ikkje dette berre for å tene pengar, men fordi vi meiner det er viktig. Sidan dette kostar nokre millonar, ønskjer vi også å få dette til og gjere drifta lønsam.

Han har mange tankar og draumar om kva dette kan bli til på sikt. Blant anna ønskjer vi å bygge Bakar Jon opp til eit sterkt merkenamn, som vi kan nytte i butikkane våre andre stader også. Eitt eksempel kan vere eigne Bakar Jon-bakeri i dei største butikkane våre, avsluttar han.



Foto: Roy Sundt



Foto: Roy Sundt



Foto: Roy Sunde

# Coop Vest satsar på drivstoff

Salssjef Rune Økland i Coop Vest ved det nye mobile drivstoffanlegget som er plassert ved Coop Extra Førde.



Foto: Roy Sundt

## Ved Coop Extra-butikkane i Førde og Volda kan ein no også fylle drivstoff, via mobile drivstoffanlegg. Eit samarbeid mellom Coop Vest og Centrum Bensin og Bygg.

– Coop Vest har seks småbutikker på Møre, med bensinanlegg i tilknytning til butikkane. Desse anlegga var slitne og umoderne, og gav oss utfordringar knytt til vedlikehald og drift. Samtidig var drivstoff viktig for desse butikkane. Butikkdrift på små stader er marginal, så alt som trekk opp er bra. Men vi er mykje flinkare til å selje varer enn drivstoff, så vi byrja å sjå etter samarbeidspartnarar. I den prosessen kom vi i kontakt med Centrum Bensin og Bygg, og landa ein samarbeidsavtale med dette selskapet, som også står for drifta. Anlegga har blitt rusta opp med nye pumper og kortautomatar. No er anlegga moderne, og gjev eit godt og framtidretta tilbod til våre kundar, seier Rune Økland, salssjef i Coop Vest.

## Mobile anlegg

Med eit godt samarbeid i botnen såg Coop Vest høvet til å yte eit endå betre tilbod til kundane.

– I ein travel kvardag er det å kunne fylle drivstoff når ein handlar praktisk for mange. Det er noko vi også ser hos våre konkurrentar. Når vår samarbeidspartnar kom med ei løysing som kunne etablerast utan store bygningsmessige endringar, ønskte vi å prøve det ut. «Stasjonen» er eit tyskproduert, mobilt drivstoffanlegg. Ein særst praktisk måte å etablere eit drivstoffanlegg på hurtig. Vi hadde to butikkar der vi ønskte å prøve dette ut: ved Coop Extra i Førde og i Volda. Desse komplimenterer tilbodet til våre kundar. Centrum Bensin og Bygg AS står for drifta og anlegga, medan vi leiger ut plass til dei. Når kundane våre skal fylle dreg dei først sitt ordinære medlemskort, deretter betalingskortet sitt. På det viset får dei avslag på pumpeprisen umiddelbart.

## Naudanlegg

Å skape eit best mogleg totaltilbod til sine kundar og medlemmer ligg bak etableringa av anlegga, men i prosessen dukka også ein annan positiv faktor opp.

– Dei mobile drivstoffanlegga kan fungere som naudanneleg i krisesituasjonar. Anlegga kan køyrast på aggregat, slik at naudetatane kan nytte desse til å fylle drivstoff når straumen er borte. Det behovet var eit av temaene som vart teke opp etter evalueringa av stormen Dagmar. Våre anlegg stettar krava som kom fram i evalueringa. Det er ein viktig tilleggsdimensjon for Coop Vest, seier Økland.

## Planar vidare

– Målet med begge satsingane våre på drivstoff er å gje eit betre tilbod til kundane våre enn vi hadde per då, seier Økland, og fortel at dei vil nytte 2014 til evaluering av drivstoffanlegga, og at ein så ser framover.

– Å etablere eit drivstoffanlegg ute i distriktet gjev tradisjonelt store kostnader. No har vi fått ein metode som gjer det rimelegare. Samtidig er det små marginar på drivstoff i dag, så ein er avhengig av eit bra trafikkgrunnlag for å etablere seg. Vi skal gjere oss erfaringar i år, og så skal vi sjå om det er aktuelt å etablere fleire slike mobile anlegg. Vi kjem også til å vurdere om drivstoff skal vere ein del av tilbodet vårt når vi planlegg nyetableringar av butikkar, avsluttar Økland.

# Årets Merkur-butikk på Vestlandet i 2013

*Ingjerd Vestengen frå Coop Norge Handel (t.v.) og vinnar av utmerkinga «Årets Merkur-butikk på Vestlandet 2013», Anne Sandvik Steig, som driv Coop Nærkjøp i Fortun.*

## Årets Merkur-butikk på Vestlandet vart Coop Nærkjøp Fortun, i Luster kommune, driven av Anne Sandvik Steig.

Her er grunngevinga for utmerkinga:

Årets prisvinnar har drive butikken over mange år og har trass i svakt kundegrunnlag halde butikken på eit kvalitetsmessig høgt nivå. Prisvinnar utmerkar seg også med eit servicenivå utover det som er vanleg i bransjen og stiller opp for butikken utover normal arbeidstid når dette krevst for å få til gode løysingar og at bygda får eit best mogleg tilbod. Prisvinnar er godt likt i bygda og i sum har prisvinnar sin innsats skapt høg kundeloyalitet til butikken. I eit avgrensa kundegrunnlag har dette vore avgjerande for at butikken kan overleve.

Bygda på si side framhevar seg med stort engasjement og har over tid bygd opp anlegg og tilleggstenester rundt butikken som er til stor glede og har skapt eit sosialt miljø som har positive ringverkningar i bygda med hensyn til bulyst og trivsel. Dette er igjen med på å skape stoppeffekt på turistar og andre vegfarande som tek ein stopp og dermed skaper meiomsetnad.

Engasjementet i bygda er også skapt i eit samspel mellom drivar og bygda og slik har drivar vore ei viktig brikke for å få utvikla tilboda og engasjementet.

Prisvinnar er løysings- og utviklingsorientert og er gjerne først ute med å prøve ut nye løysingar og kommunikasjonsformer. Det er sjølv sagt at butikken har dialog med kundane på eiga Facebook-side og legg ut tilbod og aktivitetar der i tillegg til informasjon i butikken. Prisvinnar er aktiv og skaper liv med ulike typar aktivitetar som samlar folk til grilling eller andre typar arrangement gjennom året. I den vesle kaffikroken er det alltid kaffi, og her samlast kundane til ein hyggjeleg prat. Slik har prisvinnar utvikla butikken til å vere ein viktig samlingsstad



for bygdefolket og har slik skapt trivsel og bulyst i bygda.

Kaffikroken er for liten og saman med gode krefter i bygda har prisvinnar gått i bresjen for å få utvida butikklokalet slik at bygdefolk og vegfarande kan få ein endå betre kaffikrok. Slik skal butikken også bli endå meir funksjonell som sosial møtestad gjennom heile året. Butikken har søkt og fått midlar frå Merkur til å utføre dette arbeidet.

Alt dette får prisvinnar gjort med relativt liten omsetnad på ca 4 mill i året og dermed små ressursar økonomisk sett. Slik er det imponerende å få gjennomført så mykje som er skapt i og rundt butikken med dei små ressursar butikken har tilgang til.

Årets prisvinnar er ein butikk i Coop Vest SA. Vi gratulerer Coop Vest SA som dermed viser at det er plass til dei små bygdebutikkane i eit større lag.

# Hendingar i 2013



## JANUAR

Coop Marked Vadheim reopna butikken i januar 2013. Frå venstre: Oddfrid Gjer-mundstad, Kari Vik og butikksjef Laila Skogstad.



## APRIL

Tilsette på Mega Førde samla før reopning 5. april.



## MAI

Coop Marked Flørø fekk post i butikk 24. mai 2013. Frå venstre: Representant frå posten Oddveig Fauske Loen. Frå Coop Marked Flørø, Elisabeth Rasmussen, Anita Rasmussen, Kalaivani Vithiyant-han, Anne Marit Standal og Kumari Put-mthisigamany.



## JUNI

Coop Vest vil bli best på lokalmat – ikkje berre i eige salsdistrikt, men i heile landet. Utgangspunktet for satsinga er butikken Bakar-Jon på Byrkjelo. Bilete over er frå oppslaget til avisa Firda Tidend etter opninga av butikken. Hovud-biletet viser stolte representantar for lokalmarksatsinga; Åse (t.v) og Jon Myklebust (t.h.) I midten administrerande direktør i Coop Vest, Geir Espe, baker Hilde Fjellestad, som på sikt skal drifte bakeriet, og salssjef Rune Økland i Coop Vest.



## JUNI

Ny Bremangerveg ber frukter for Coop Marked i Svelgen. Auka trafikk på Bre-manger-sambandet 2 har ført til fleire kundar og høgare omsetnad. – Vi ser ein heilt klar positiv trend, ja, smiler ein godt fornøgd butikksjef i Svelgen, Geir Gjerde.



## JULI

I samarbeid med Centrum Bensin og Bygg AS har vi fått på plass to mobile drivstoffanlegg. Og skal selje bensin og diesel i konkurranse med andre bensin-stasjonar utanfor Extra i Førde og Extra i Volda. Centrum Bensin og Bygg AS driv og drivstoffautomatane utanfor seks Coop-butikkar på Sunnmøre.





### JULI

Fullt trøkk på Malakoff! Dei fem-seks timane med mest trøkk hadde vi 100.000 i timen i omsetjing, og salet totalt gjekk opp med 20 prosent i høve til same helga i fjor. Det er rekord. Malakoff er betre enn jula, fastslår butikksjefen. I tillegg kjem vareleveringane til festivalen. All ære til Frode og dei tilsette ved Mega Eid som har vore med å gjere denne helga fantastisk!



### JULI

I juli omprofilerte vi Marked Byrkjelo til Prix Byrkjelo. Butikken har etter omprofileringa i 2013 hatt ein god vekst i omsetnaden, og er den av Prixbutikkane som har størst omsetningsauke.



### AUGUST

I august stengde Prix Stryn dørene. I påvente av at Setrevegen 2 As skal bygge nytt forretningsbygg for ein moderne og framtidretta Coop Extrabutikk, har Coop Vest SA modernisert Prixbygget i sentrum av Stryn. Dette for å unngå at bygget ville stå tomt og utan aktivitet. Prixlokalet er delt opp og har fått inn spennande butikkar i Skogstad Sport og Moods of Norway. Dette er viktige butikkar for Stryn og for fylket. Løysinga har vorte godt motteken hjå publikum og medfører auka verdi på eigedomen. Gode løysingar for viktige verksemdar i fylket og eit meir attraktivt sentrum i Stryn. Vi håpar at ventetida i Stryn snart er over, og at vi kjem i gong med arbeidet i å realisere ein ny, større og moderne butikk i nybygget saman med Stryn Kommune. Bileta er frå opninga 16. november 2013.



# Hendingar i 2013



## SEPTEMBER

Coop Vest SA har i 2013 hatt fokus på kompetanse der leing har stått i sentrum. Butikksjefar har vore gjennom utviklingsprogrammet «Salsleing».

## SEPTEMBER

Framtidsfylket - karriere i Sogn og Fjordane. Coop Vest SA hadde stand på karrieremessa som var på Høgskulen i Sogndal 17. sept.





## OKTOBER

Opning av Coop Extra på Hareid. Tilsette er klare til å ta i mot kundane. Masse folk med store handlekorger fylt med masse varer til låge prisar ga kroner i kassa opningsdagen. - Vi serverte kake og kaffe fra Goman-bakeriet. I tillegg hadde vi smaksprøver på sjømat og ein eigen kokk i butikken som lagde rettar av butikkens skaldyrsortiment.



## NOVEMBER

Coop Vest har fått ein skikkeleg fin start for sine nye butikkar i Årdalssenteret. Sett i høve til den tidlegare Coop Mega'en i Årdal, har Coop Extra og Frequent hatt ein volumvekst på 25 prosent i desember. Vi er godt nøgde med den mottakinga medlemene og øvrige kundar har gitt butikkane våre. Coop Extra opna sist på fjoråret i Coop Norge Eigedom sitt nye kjøpesenterbygg, Årdalssenteret. I løpet av julemånaden var over 30.000 kundar innom den nye Coop Extraen og den nye Frequenten.

# Vinnarbutikkane 2013



Størst  
omsetningsvekst  
i prosent:  
**Prix  
Byrkjelo**

Butikksjef Aslaug Huus fekk overreikt blomster og diplom av salsleiar Ronny Sørbotten.



Årets  
Faghandel:  
**Extra Kafe  
Førde**

Avdelingleiar Jartrud Dvergsdal fekk overreikt blomster og diplom av personalsjef Øyvind Indrebø.



Lågast  
Totalsvinn i  
prosent:  
**Marked  
Brekke**

Butikksjef Sylvi Asheim fekk overreikt blomster og diplom av sikkerheitsleiar Ole Andre Leivdal.



Årets Mega:  
**Mega  
Eid**

Butikksjef Frode Taklo fekk overrakt blomster og diplom av Mega sin kjededisponent Birte Hegstad.



Størst  
DB 4 i prosent:  
**Marked  
Balestrand**

Butikksjef Dagmar Nese fekk overreikt blomster og diplom av økonomisjef Olaf Betten.



Årets Prix:  
**Prix  
Kaupanger**

Butikksjef Astrid Brusegard fekk overreikt blomster og diplom av Prix sin kjededisponent Øyvind Krohn.



Årets  
Marked:  
**Marked  
Syvde**

Frå v.: Markedkjeden sin kjededisponent, Ingjerd Vestengen, ansvarleg for frukt og grønt, Bente Olsen og butikksjef Bjørn Knardal.



Best i  
Klar for kunde:  
**Marked  
Fiskå**

Butikksjef Siv Takset fekk overrekk blomster og diplom.




Årets Extra:  
**Extra  
Førde**

Butikksjef Ørjan Alme fekk overrekk blomster og diplom av Extra sin ass.kjededisponent. Andreas Ruud.



Årets Bygg:  
**Extra Bygg  
Ulsteinvik**

Butikksjef Vidar Ulstein fekk overrekk blomster og diplom av økonomisjef Olaf Betten.



Årets Butikk  
Coop Vest:  
**Mega  
Eid**

Butikksjef Frode Taklo fekk overrekk blomster og diplom m.m. av adm.dir. Geir Espe.

Årets prisvinnar, **Mega Eid**, sine tilsette får ein overnattingstur frå laurdag til søndag til Kalvåg og Knutholmen. Under opphaldet vil dei få oppleve havets festbord. Dei vil også få moglegheita til å slappe av med spabehandling eller utfordre naturkreftene på havrafting. Kundane skal feirast gjennom ein aktivitetsspakke til ein verdi av kr 50.000,-. Vi gratulerer!

# Gullklokkevinnarar

I 2013 vart det delt ut 9 gullklokker etter 25 års samanhengande tenester.



**NORDFJORD:** frå venstre personalsjef Øyvind Indrebø og styremedlem Martin Hamre overrekte gullklokkene til Torill Dianne Nyborg, Annbjørg Solheim og Jorunn Seljelid.



**SUNNMØRE:** Hogne Olav Nedrelid, Gerd Annbjørg Lid. Styremedlem Hege Karete Hamre overrekte gullklokkene.



**SOGN:** Frå venstre personalsjef Øyvind Indrebø. Regionrådsmedlem Harald Thune overrekte gullklokka til Tone Marie Aas. Regionrådmedlem Synnøve Balevik overrekte klokka til Terje Slinde.



**SUNNFJORD:** Aud Anny Solheimsnes fekk overrekt gullklokke av styreleiar Wilhelm Gjertsen.

# Vi gratulerer...



## Årets handelsbedrift 2013

Høgst fortent vinner seier juryen bak Årets handelsbedrift i Ulsteinvik om Coop Extra Bygg, her representert ved varehus-sjef Vidar Ulstein.

## Toppar framleis Coop Extra-lista

Ingen av dei 120 andre Coop Extra-daglegvarebutikkane i landet matchar omsetnaden til daglegvarebutikken på Brulandsvollene i Førde.

I fjor sette Coop Extra i Førde ny omsetnadsrekord. Det vart handla for vel 146 millionar kroner, det var to millionar meir enn nummer to på lista Coop Extra Nyborg i Bergen.

## Frukt og grønt-vinnarane 2013

Frukt og grønt-vinnarane 2013 blei kåra av Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug torsdag 13. februar i Oslo. Coop marked Sydve tok for tredje gong sigeren for nærbutikkar, medan Coop Extra Florø tok ein tredje plass i lågprisklassen.

Det er sjuande år på rad Opplysningskontoret for frukt og grønt (OFG) arrangerer NM i frukt og grønt i samarbeid med bransjebladet Dagligvarehandelen og analyseselskapet Nielsen Norge.

Bakgrunnen for NM i frukt og grønt er ønsket om å motivere forbrukarane til å ete meir frukt og grønt. Konkurransen skal bidra til å framheve og heidre frukt- og grøntansvarlege som gjer ein god jobb kvar dag for å freiste forbrukarane til å handle meir frukt og grønt.

På biletet står Kristina Sarane og byr fram frisk frukt og grønnsaker.



# Butikkråd

Butikkråda fungerer som eit bindeledd mellom nærmiljøet, kundane og butikken. Butikkrådet arbeider for ein attraktiv butikk, og har som formål å auke interessa for butikken.

Butikkrådet skal også formidle egne og andre sitt syn på tilhøve som gjeld butikken.

Butikkrådet er ei synleggjering lokalt på at Coop er eigd av medlemene. Her er nokre av Coop Vest sine butikkråd presentert.



## Butikkrådet i Balestrand

Frå venstre: Bente Kristin Sæhl, Kjell Oddvin Eide og Synnøve Balevik. Merete Rendedal var ikkje tilstades då bilete vart teke. Foto: butikksjef Dagmar Nese.



## Butikkråd Coop Prix Hermansverk

Ellen Lund Hamre, Bjarne Sjøthun. Aase Njøs var ikkje tilstades då bilete vart teke. Fotograf er butikksjef Marino Ask



## Butikkrådet i Fresvik

Heidrun Hauglum (t.v.) og Edith Bjørkevoll. John Bøthun var ikkje til stades då bilete vart teke. Foto: butikksjef Olaug Lindborg Hov.



## Butikkråd Coop Marked Moltu

Anna Kirsti Skare, Veronica Frantzen og Per Ståle Moltu. Randi Arnesen Rønningen var ikkje tilstades då bilete blei teke. Fotograf er Arild Johansen.





I alt 60 stofftrykk: har gått med til tre tepper som ble auksjonert bort i forbindelse med årets TV-aksjon. Her er butikksjef Ann-Charlotte Sørheim i Coop Extra Ørsta sammen med én av kunstnerne. Foto: Coop Vest

## Butikkråd-initiativ ga TV-aksjonspengar

Inntektene frå tre tepper sett saman av stofftrykk lagd av barn har gått til TV-aksjon 2013 i NRK til inntekt for demenssaka. Det har butikkrådet knytt til Coop Extra Ørsta sørga for.

Butikksjef Ann-Charlotte Sørheim i Coop Vest sin Coop Extra-butikk i Ørsta fortel: – Det var eit av butikkrådsmedlemene våre som fekk idéen om at born kunne få skape originalkunst som kunne auksjonert vekk til inntekt for årets TV-aksjon. Vi landa etter ein del tankeverksemd på å la borna lage potetrykk på stoff, og på den måten bidra med eit fargerikt innslag til aksjonen. Deretter allierte vi oss med Ørsta Husflidslag som har sydd saman dei 60 stofftrykka til tre flotte tepper.

På kjøpesenteret Amfi i Ørsta, der Coop Extra ligg, fekk borna sjå resultatet av arbeidet sitt nokre dagar før TV-aksjonsdagen, der trykka var blitt sydd saman til tre flotte tepper. Eitt av dei kjøpte Coop Vest.



### Butikkråd Vassenden

Frå venstre: butikksjef Anne Lise Årdal, Atle Hamar, Mindor Årseth og Kari Anne Grimelid Årset. I midten framme: Anne Turid Sunde Farsund.



### Butikkrådet i Gjerdsвика

Frå venstre: Annbjørg Hageselle, Marie Refsnes, Rita Pettersen. Jonna Lise Stokseth var ikkje tilstades då biletet blei teke. Fotograf er butikksjef Inger Janne Gjerde.



### Butikkrådet på Kaupanger

Frå venstre: Marianne Aasen, Per Åretun og Ingolf Fardal. Foto: Astrid Brusegård.



### Butikkrådet på Leikong

Frå venstre: Siw Midtlien (med unge på armen), Gunnlaug Kleppe, Henry Jøsok-bakke, Lovise Urke Baade, Rita Berge Voldnes. Jan Arve Jøsok var ikkje til stades då biletet vart teke. Foto: Arild Johansen



### Butikkråd Øvre Årdal

Frå venstre: Stine S Haugen, Jan Bernt Høyum og Bjørg Steinset. Torstein Kvam og Egil B. Lingjerde var ikkje tilstades då biletet blei teke. Foto: Butikksjef Morten Myrland.



### Butikkråd Coop Marked Reed

Frå venstre; Helge Råd, Mette Bakka, Greta Veien Sårheim. Foto: butikksjef Renate Eikenes Grov.

# Leiargruppa / Driftsapparatet



Foto: Roy Sunde


**Leiargruppa:** Frå venstre adm. dir. Geir Espe, organisasjonssjef Anne Grepstad, strategi- og utviklingssjef Arild Meisterplass, økonomi- og administrasjonssjef Olaf Betten, personalsjef Øyvind Indrebø og salssjef Rune Økland.



Foto: Roy Sunde

**Driftsapparatet:** Frå venstre salsleiar dagleggare Ivar Dvergsdal, sikkerheitsleiar Ole Andre Leivdal, salsleiar faghandel Tore Gamborg og prosjektleiar Geir Iversen. Salsleiar Ronny Sørbotten var ikkje til stades då biletet vart teke.

# Organisasjonskart



## Nye butikksjefar i 2013



Steinar Lad,  
Coop Prix  
Gaupne



Aud Aasheim,  
Coop Marked  
Brekke



Stein Kjell  
Hatlevoll,  
Byggmix  
Gaupne



Rune  
Pettersen,  
Byggmix  
Gaupne




Norhild  
Holsæther,  
Førde  
Gullsmed-  
forretning



Ingunn  
Bruheim,  
Freequent  
Øvre Årdal



Tore Einan,  
Coop Prix  
Årdalstangen



Jon  
Myklebust,  
Bakar Jon  
Byrkjelo



**coop**

*litt ditt*

## Nyt alle godbitane Coop-medlemskapet gjev deg

### KJØPEUTBYTTE

på daglegvarer og faghandel



### MEDLEMSKUPP

Gode tilbud i Coop-butikkane



### 10 KRONERS MEDLEMSRABATT

på alle barnebleier



### 35 ØRE MEDLEMSRABATT

på drivstoff, samt ei rekkje andre gode tilbud



### 1,5% MEDLEMSBONUS

av innbetalt forsikringspremie hos If Skadeforsikring



### 30 ØRE MEDLEMSRABATT

på drivstoff, samt ei rekkje andre gode tilbud



### COOP MASTERCARD

Få 1% medlemsbonus på toppen av ditt kjøpeutbytte hos Coop og alle andre stader\*

\*Gjeld ikkje konkurrerende daglegvarebutikker i Norge.

Effektiv rente er 26,17% (basert på eit eksempel på kr 15.000 nedbetalt over 12 månader. Samla kredittbeløp er på kr 16.500,79)



### COOP HOTELLKUPP

Som Coop-medlem har du høve til å bestille hotellopphald til særskilte fordelaktige prisar.

I Norge bur 2 personar i 2 til 5 netter inkludert frokost, frå berre kr 400,- pr pers pr natt (kr 1.598,- pr opphald)



### Informasjon i din butikk

I din lokale Coop-butikk finn du brosjyrer der du kan lese meir om samarbeidspartnarane som gjev deg ekstra medlemsfordelar.

### Kva skjer hos Coop?

På coop.no har du til ei kvar tid oversikt over aktuelle tilbud og aktivitetar.

Ønskjer du å få tilboda tilsendt på epost? Logg deg inn på coop.no og registrer deg der.